

Kjelda

Nr. 2 - Juni 2008: Årgang 17

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesarkivet på Internett:
www.fylkesarkiv.no

Grav der du står

Det er tittelen på ein bok av Sven Lindqvist frå 1978 som eg har ligande på pulten min. Det er ei handbok i det å utforske historia til din eigen arbeidsplass og nærmiljø. Boka vart ei viktig inspirasjonskjelde for mange som på 1970-talet og 80-talet begynte å engasjere seg i lokalhistorie.

”Grav det du står!” vart og ståande som eit motto for den nye generasjonen med idealistar som ville ut i distrikta og jobbe. Det var nemleg ikkje berre Oslo og på landsplan som hadde historie verd å grave i. Det fekk vi sjå i mange av dei dyktige historikarane som fekk seg jobb på dei nye distriktshøgskulane som vart etablert i desse åra.

Utover på 1980- og 1990-talet vart det lokalhistoriske arbeidet revitalisert mange stader; i vårt fylke som i andre kom det fleire lokalhistoriske arkiv. Det vart ein ny æra for bygdebøker og søgelagsarbeid. Kommunane sjølv støtta dette arbeidet aktivt, både gjennom etablering av kommunale kulturetatar, og direkte tilskot til kulturvernarbeid.

Framleis er det godt driv mange stader. Men sidan siste halvdel av 1990-talet og framover, har dei fleste av kommunane sin innsats på området kulturvern/lokalhistorie vorte til dels kraftig redusert. Konsekvensane er mange stader at den frivillige innsatsen har vorte viktigare, men også meir sårbar og personavhengig. Samstundes har vi fått ein eksplosjon av lokalhistorisk litteratur. Så biletet er samansett.

Dei siste åra har vi merka oss at kulturbasert næring har fått vind i segla. Her vert dei spanande forteljningane frå lokalhistoria brukt for å utvikle bygdenæringar, særleg innan turisme. Nokre er skeptiske til ein slik trend, og er redd for at lokalhistoria blir kommersialisert og banalisert.

Men kvar generasjon vil bruke og tolke historia på sin måte. Blant dei nye kulturentreprenørane som vi ser kjem fram på scenen no, er det personar som verkeleg brenn for historie og kulturarv, og mange av dei er svært gode formidljarar også. For det er ikkje nok å berre grave der vi står. Kunnskapen, historia må ut



Snorre D. Øverbø
fylkesarkivar

til folk, til verda rundt. Den må gje inspirasjon og engasjement for nye generasjonar som vil søke etter røter og tilhøyre, og som vil grave der dei står.



Hermund Kleppa – går av med pensjon

Dei fleste av våre lesarar kjenner Hermund Kleppa. Først og fremst som ein dyktig skribent i Kjelda. Men mange har og treft han ute i kommunane eller på møte og seminar.

Hermund har vore sentral i arbeidet med Kjelda, heilt sidan første nummer kom ut i 1992. Han har levert utallige store og små bidrag, og vore med på å gjere Kjelda til det bladet det er i dag.

Hermund Kleppa begynte på Fylkesarkivet i 1987, og har arbeidd med kommunearkiv, privatarkiv, og forskjellige prosjekt: bøker, utstillingar, internettformidling, leksikonartiklar. Det er nesten ikkje den ting på Fylkesarkivet som ikkje Hermund på ein eller annan måte har vore involvert i. Han har vore ein svært sentral person innanfor store delar av Fylkesarkivet sitt faglege arbeid i desse åra.

Hermund vil framleis disponere kontor her på Fylkesarkivet, og levere stoff til Kjelda i åra som kjem.

Redaksjon

Snorre D. Øverbø (red.) Marit Anita Skrede, Sturla Binder, Arild Reppen

Kjelda blir utgjeven av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Kjelda kjem med 3 nummer i året. Ei årsting kostar kr 155,-. Bankgiro: 3781 14 02894, merk Kjelda. ISSN 0803-9682. Stoffet i Kjelda kan nyttast fritt, men vi ser gjerne at kjelde blir oppgjeven. Ansvarleg dette nummer: Sturla Binder. Utforming: Sogne-Prent AS.

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Fylkeshuset, Askedalen 2, 6863 Leikanger. Tlf. 57 65 61 00.
Fax. 57 65 61 01 postmottak.sfarkiv@sfj.no

Fylkesarkivar:

Snorre D. Øverbø, tlf. 57 65 64 01, snorre.d.overbo@sfj.no

Arkivarar:

Arild Reppen (foto), Fototeknisk avd., 6823 Sandane. Tlf. 57 86 51 24, arild.reppen@sfj.no
Karianne Schmidt Vindenes (fagleiar), tlf. 57 65 64 06, karianne.schmidt.vindenes@sfj.no
Sturla Binder (kommunearkiv), tlf. 57 65 64 20, sturla.binder@sfj.no
Geir Utmo (kommunearkiv), tlf. 57 65 64 09, geir.utmo@sfj.no
Marit Anita Skrede (kommunearkiv), tlf. 57 65 64 16, marit.anita.skrede@sfj.no
Randi Melvær (sekretær/stadnamn), tlf. 57 65 64 00, randi.melvar@sfj.no

Prosjekt/ABM-Sogn og Fjordane:


Øystein Åsnes (ABM S. og Fj.), tlf. 57 65 64 04, oystein.asnes@sfj.no
Hermund Kleppa (ABM S. og Fj.), tlf. 57 65 64 02, hermund.kleppa@sfj.no
Oddvar Natvik (ABM S. og Fj.), tlf. 57 65 64 05, oddvar.natvik@sfj.no
Bjarnhild Samland (ABM S. og Fj.), tlf. 57 65 64 08, bjarnhild.samland@sfj.no
Elin Østevik (eldre foto) tlf. 57 65 64 18, elin.ostevik@sf-f.kommune.no

Nettstad: www.fylkesarkiv.no

Informasjon om framside-biletet finn du på side 18 og 19.

Korleis eg opplever Norge

Av Rahimollah Jurmy



Rahimollah Jurmy på Hafstadfjellet i Førde, mai 2008. Fotograf: Walid Jurmy

For eit menneske er fred like verdfullt som livet. Ein kan ikkje leve eit godt liv utan fred. Der det ikkje er fred er det ikkje noko verkeleg liv. Å miste freden betyr i realiteten å miste sitt eige liv.

Dei fleste afghanarar som bur som emigrantar rundt om i verda, har flytta frå krig og forfølging. Dei er forfølgde på grunn av religiøs tru, politiske haldningar, stammetilhøyrslø og så vidare.

Krigen i Afghanistan har vart i tre tiår, og har for dei som levde i fred og fridom, endra landet seg til eit helvete. Men for dei som tener på krigen, er Afghanistan blitt eit paradisi. Krigføringa har endra

seg, men krigen er enno ikkje slutt. Terroristar går i dag til angrep mot afghanske så vel som NATO-leidde styrkar. I denne fasen av krigen oppstår det ganske mange sjølvmoordsaksjonar som fører med seg store øydeleggingar, og mange sivile liv er gått tapt.

Starte på nytt

Eg er sjølv ein av dei som er blitt ramma av krigen og har måtte reise frå landet mitt, Afghanistan, av politiske grunnar. I Noreg fekk eg starte på nytt. Landet var framandt, og hadde kultur og tradisjonar som var svært ulikt det eg kjente frå mitt eige heimland. Eg kjem frå Afghanistan

og er 56 år gammal. Eg er gift, har fire døtrer og to søner, og har budd i Førde sidan november 2001. Dei tre eldste av barna mine studerer ved universiteta i Bergen og Oslo, og ein skal begynne på universitetet i år. Dei yngste går på skule i Førde. Eg kjem frå provinsen Badakhshan i det austlege Afghanistan, i fjellandet Pamir. Badakhshan var den einaste provinsen som Taliban ikkje greidde å sette foten sin i då dei okkuperte resten av Afghanistan.

Journalist og redaktør

Frå Afghanistan har eg universitetsutdanning i journalistikk. Ei utdanning som i Noreg tilsvarar universitetsgraden bachelor. Etter sluttført utdanning i 1976 arbeidde eg ved eit provinskontor for det nasjonale nyhende-byrået. Deretter var eg i om lag tre år redaktør i ei provinsavis før eg kom til Kabul som politisk kommentator, først i den eine, så i den andre, av dei to riksavisene i Afghanistan. Dei siste åra til Taliban tok makta i 1995, arbeidde eg ved pressekontoret til presidenten i landet, Najibollah. Han vart arrestert av Mujahidin (religiøse krigarar), og til slutt vart han hengt av Taliban. Taliban tok frå oss all fridom, og alle skulane blei stengde. Men det er mitt ønske at våre born skal få gå på skule. Under regimet til Taliban var det forbode for jenter og kvinner å gå på skule. Dei fekk heller ikkje lov til å arbeide utanfor heimen.

Den andre årsaka til at eg og min familie måtte flytte var at eg og tolv andre personar blei erklært for uønska i landet sidan vi hadde arbeidd for presidenten i landet. Eg og familien min måtte difor flykte til Iran.

Usikker framtid

Vi måtte kjøpe oss hjelp av menneskesmuglarar for å komme oss ut av landet. Flukta måtte skje langs uvanlege reiseruter, så det tok 18 dagar å komme seg til Iran. Under vanlege forhold brukar ein seks timar på same turen. Vi køyrte langs vegar det var vanskeleg å komme fram på, vi kryssa fjell, gjekk til fots gjennom skogen, og vi sov ute. Heile tida i redsel for å bli skilte frå kvarandre, eller til og med å bli drepne. Det var ei skremmande oppleving, og eg er framleis redd for å reise til Iran.

Det var ikkje dårlege leveforhold i Iran. Ved hjelp av deltidsarbeid som til dømes skreddararbeid, tente vi nok til å leve. Men framtida var usikker, og vi søkte difor FN's høgkommissariat for flyktningar om vern. FN- kontoret i Iran aksepterte søknaden, og til slutt fekk familien tilbod om å reise til Noreg som kvoteflyktningar. I november 2001 kom vi så til Førde. På flyplassen der, Bringeland, blei vi møtt av ein mann som køyrdde oss til eit hus i Angedals-vegen. Der var det også gjort klar mat for oss.

Eit litt morosamt minne

Frå vårt første møte med Førde har eg eit litt morosamt minne, eit minne som illustrerer noko av ulikskapen mellom våre to land. Sjøføren i bilen som kørde oss sa at han hadde mykje å gjere. Det kunne eg ikkje forstå, for heime i Afghanistan er det nemleg slik at ein sjåfør er ein sjåfør. Men då eg seinare skulle snakke med sjefen på sosialkontoret, møtte eg att "sjåføren"- han var sosialsjefen i Førde.

Vi hadde venta å kome til ein stor by, men i staden kom vi til ein liten by med få personar. I heimlandet budde vi i storbyen Kabul som då hadde fire til fem millionar innbyggjarar. I dag bur det meir enn seks millionar menneske i Kabul. Vi kom også til eit land der det ikkje blei lyst før rundt klokka 10. Heime var vi vant til at dagen begynte klokka 5. Og vi kom til ein vinterkald stad i november, medan det var oppunder 40 grader då vi reiste frå Iran. Språket i landet var heilt ukjent. Vi tenkte: Kva skal vi gjere no? Den kvelden snakka vi om å reise tilbake til Iran. Men vi blei likevel verande her, og vi har fått mange gode vener.

Norsk opplæring

Først måtte vi lære norsk, og vi begynte difor på norskkurs. Men kva betyr det" å lære seg norsk"? Mange tenkjer nok slik at det er å bytte ut orda i vårt eige språk med norske ord, men det er ei oppfatning som ligg langt frå røyndomen. Vi som snakkar persisk har eit heilt anna skriftspråk enn folk i Vesten, og bokstavane våre liknar ikkje på dei latinske bokstavane. Mange innvandrara må difor lære seg eit heilt nytt alfabet. I tillegg skriv og les vi frå høgre til venstre. For oss er berre det å lære seg til å lese og skrive frå venstre mot høgre, eit problem. Eit anna forhold er at norskopplæringa skjer på bokmål, medan dei fleste i Førde snakkar og skriv nynorsk. Sjølv fekk eg store problem då eg skulle prøve og skrive i lokalavisa, for der skulle alt skrivast

på nynorsk. Eit anna eksempel er at eg i 2001 fekk eit brev frå sosialkontoret. Brevet var på nynorsk, og først i 2003 forstod eg kva som stod i brevet.

Ein uønska person

Sjøføren som møtte meg på flyplassen, og som altså var sosialsjef, var ein snill og hyggeleg mann. Men ved kontoret hans møtte eg likevel det eg må tore å kalle for mindre hyggelege haldningar. Eg fekk nærast inntrykk av å bli sett på som "ein soldat" som "offiseren" ved sosialkontoret hadde under sin "kommando". Ein uønska person som kom til landet for å tigge, og for å skaffe seg gode som han ikkje har rett til. Då eg fekk brevet på nynorsk, spurte eg om eg kunne få det på engelsk. Nei, var svaret, for slikt gjorde dei ikkje. Sjølv opplevde eg dette som ein unødvendig firkanta måte å oppføre seg på, for eg kunne ikkje forstå innhaldet i breva utan at det blei oversett til engelsk, eller persisk. Dei som kunne gjere slikt, tok betaling for å oversette breva. Eg stilte spørsmål ved måten norske styresmakter tek i mot og behandlar kvoteflyktningar på. Som kvoteflyktning har ein til dømes fleire rettar enn ein asylsøkar. Sjølv trudde eg at når Noreg tek i mot flyktningar etter avtale med FN's høgkommissær, så var dei inviterte til å arbeide og å bu i landet. Eg og min familie er ikkje komne til Noreg for å få mat, klede og bustad i gåve. Vi kom til landet for å bygge opp eit nytt liv. Vi kom hit for å bruke kvalifikasjonane våre og arbeide, slik at vi sjølve kan kjøpe mat og klede.

Banka på fleire dører

Det er journalistikk som er mitt fag, og eg fekk ordre av kontaktpersonen min på sosialkontoret om at eg måtte skaffe meg praksisplass. Det var ei vanskeleg oppgåve for meg, for eg var ikkje nok kjent med samfunnet og med språket. Eg måtte banke på fleire dører, og ei av dei var til Firda. Men Firda er ei lokalavis, og den har ikkje plass for ein framandspråkleg journalist med erfaring i å skrive om afghansk politikk og internasjonale forhold. Men eg tok likevel kontakt med Firda for å få praksis. Det var ikkje lett, både på grunn av at eg ikkje kunne nynorsk, og fordi Firda er ei lokalavis. Dei tilsette i Firda var også travelt opptekne med sine gjeremål, og hadde ikkje tid til å hjelpe meg. Praksisen i avisa var difor avhengig av velviljen frå enkeltpersonar.

Lærte på eiga initiativ

Etter kvart har eg og dei andre i familien lært ein god del om norsk kultur, og om korleis folk i dette landet omgåast kvarandre. Men: det meste av det vi har lært, har vi lært på eige initiativ. Sjølv lærte eg mykje gjennom opplegget i Firda, og ved ei eiga avis, ROZGAR. Eg må også seie at eg har hatt norsk venner og medmedarbeidarar som har hjulpet meg både med språk og kultur forståing. Mellom dei er Jarle Varpe, den tidligare redaktøren i Firda, og Marit Bendz, ein frilandsjournalist. Det er på tide å takke desse to hyggelege og hjelpsame personane.

Ikkje alle er knytt til al Qaida

Likevel må det verre rett å nemne at det finst personar som fryktar at kvar ein person frå Asia som er i landet kan vere ein terrorist som kanskje er knytt til al Qaida. Eit eksempel på det er at eg har opplevd å bli stengt ute frå ei bedrift på grunn av at dei som arbeidde der følte seg utrygge når eg var der. Dette opplevde eg som sterkt urettferdig og som ei alvorlig krenking av meg som ein fredeleg og høfleg mann. Men dette er den einaste vonde opplevinga mi i Førde. Dei fleste er snille og høflige.

Både gode og vonde menneske

Det er ingen grunn til å tru at vanlege asiatarar automatisk sluttar seg til al Qaida. Denne tanken er ekstremistisk i seg sjølv. Dei aller, aller fleste av oss er vanlege menneske som ønskjer å leve eit normalt og fredeleg liv. Dessutan: al Qaida er ein terrororganisasjon som er grunnlagt av ein ekstremistisk arabar, og som er driven av ein arabar. Det er galt å tru at alle muslimar er tilhengjarar av ekstreme og fanatiske tolkingar av islam, på same måte som det er galt å vurdere alle tyskarar ut frå det Hitler gjorde. Det finst både gode og vonde menneske blant oss, uavhengig av om vi er muslimar eller kristne.

Seks år i Noreg

Det første eg gjorde da eg kom til Noreg, var å gå på norskkurs, eit kurs som varte i om lag tre år. Deretter kom eg inn i eit slags praksisforhold med Firda. Dette var til god hjelp, og førte til at eg fekk skrive om lag 50 artiklar for avisa. Eg fekk ikkje betalt for artiklane. Kontakten med Firda og journalistikk førte også til at eg blei teken opp som medlem i Norsk Journalistlag. Vinteren 2005 blei praksisen i Firda gjort om til AMO –kurs, noko som gav meg munnleg og skriftleg trening i å bruke norsk.

I august 2006 begynte eg på eit prosjektarbeid ved kulturavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Her skreiv eg tekstar om kultur på norsk. Tekstane blir omsette til persisk, mitt morsmål, etter at dei er godkjende av ansvarlege personar. Deretter blir dei lagde ut på nettstaden kulturnett Sogn og Fjordane. Prosjektet vart avslutta i oktober 2007. Etter ein pause på 5 månadar, i april 2008 vart eg på ny tilsett i ei prosjektstilling i kulturnett Sogn og Fjordane i eit år framover. Kva som vil skje etterpå veit eg ikkje noko om. Men, det som eg kan seia er at det er vanskeleg for ein innvandrar å få seg ein skikkeleg jobb. Den einaste grunnen til at dei fleste innvandrar flyttar frå Sogn og Fjordane er at dei ikkje får hjelp til å skaffe seg ein jobb. Elles ville dei heller bu på små stader framfor store byar som Oslo. Det er eg sikker på.

Rozgar, mi eiga avis

Mitt store prosjekt, som eg inderleg håper å kunne halde fram med, er mi eiga avis,

ROZGAR. I Rozgar er halvparten av innhaldet på norsk , medan den andre halvparten er på persisk. Første nummeret kom ut i januar 2004.

Den delen som er på norsk handlar om kultur og nyhende frå Afghanistan og andre land i Sentral- Asia. Til dette arbeidet får eg hjelp av ein norsk kollega. På persisk skriv eg om viktige nyhende frå lokalsamfunnet her, og om viktig hendingar andre stadar i Noreg. Elles skriv eg om norsk kultur, historie og tradisjon som til dømes korleis nordmenn brukar flagget sitt. Til no er det kome ut 20 nummer. Etter kvert håper eg kunne utvikle Rozgar til noko meir enn det er i dag. Både med omsyn til innhald, og kor ofte bladet kjem ut.

Rozgar på nett

Vår fire års erfaring med Rozgar i papirformat viste at det er vanskeleg å bruke papirutgåva når ein skal formidle nyhende og tidskulturell informasjon. Grunnen er at papirutgåva er ein perio-

disk publikasjon, og at media generelt går mot digitalisering. Så måtte vi ta ein del av Rozgars stoff på nettet, sjå <http://norsk.rozgar.org> . Vi kjem til å fortsette med Rozgar i papirutgåva også. Men planen er å ha stoff som har nyhende-verdi på nettet, for å hindre at det blir for gamalt før det kjem ut. I papir utgåva kommer vi til å ha stoff som ikkje er avhengig av tid, som eksempel orientering av politisk, samfunnsmessig og kulturell art, historiske artiklar og eventyr. Eg reknar med at den norskspråklege delen etter kvart vil auke, medan det som er på persisk kjem til å bli redusert. Men dette vil vere avhengig av kor stor hjelp eg får, både av norske finansieringskjelder og norske forfattarar. Men, så langt eg ser har ikkje norske kjelder interesse for å hjelpe meg med Rozgar.

Mitt hovudmål med å gje ut Rozgar er at tidsskriftet skal vere med å skape betre forståing mellom våre kulturar.

Handle matvarer om kvelden?


Eg må innrømme at eg liker butikkar som har lang opningstid. Eg trur difor eg hadde likt meg godt i Årdal for 100 år sidan. 12. januar 1908 hadde Årdal kommunestyre møte. Ei av sakene som vart handsama var opningstider for "landhandlarar og bakarbu-der". Kom-munestyret sette opp eit reglement inndelt i fem paragrafar for å regulere opningstidene.

Reglementet seier ingenting om kva tid butikane kunne opne, men hovudregelen var at dei måtte stenge innan kl. 21. Det var unntak for månadane mai, juni, juli og august. Då var det høve til å halde ope til kl. 22. Reglane skulle ikkje gjelde dei siste åtte dagane før jul, utan at det står noko meir spesifikt enn at stengtid skal vere kl. 18 på julaftan. Sundagar og heilagdagdar skulle alle butikkar halde stengt.

Det er tydeleg at stengingsreglane var viktige. I § 3 er det spesifisert at kundar ikkje må sleppast inn i stengingstida, men dei som har komme inn i lovleg tid, kan få handle seg ferdig.

Siste paragrafen seier at brot vert straffa med bøter.

Av Karianne Schmidt Vindenes



Årdal kommunestyre, møtebok 1881-1915, møte 12.01.1908, sak nr. 10

“... få omstreifarane ut frå bygdi”

Av Marit Anita Skrede

Folk som reiste frå stad til stad vart tidlegare kalla omstreifarar. Det var ikkje ei einsarta gruppe som fekk denne nemninga, men kunne vera t.d romani/rom eller etniske nordmenn. Både rom og romanifolket har opphavleg vandra ut frå India. Omstreifarane vart sett på som eit stort samfunnsproblem uavhengig av kva etnisk minoritetsgruppe dei høyrde til.

Lausgjengarlova


For å avgrensa omfanget av omstreiferi trådte lausgjengarlova av 31. mai 1900 i kraft 1. august 1907. I lova står det: "Allerede forlængst har det været erkjendt, at Omstreifervæsenet og navnlig da det saakaldte Fantefolks Omstreiferi ikke alene er en Plage for mange Landdistrikter, hvis spredte Befolkning ofte formelig tyranniseres av det regelmessige i større Følge optrædende Omstreifere, men ogsaa i deg selv indebærer en Fare for Retssikkerheden i Samfundet." Lova viser at det var ei allmenn negativ haldning til omstreifarar.

“...få omstreifarane ut frå bygdi”

15. april 1947 gjorde Lærdal fattigstyre fylgjande samrøystes vedtak: "Det vert å senda företeljing til heradstyret om å få omstreifarane ut frå bygdi". Bakgrunnen var ei konkret sak om ei brakke som var leigd ut til ein omstreifar. Det er usikkert kva etnisk tilhøyre denne personen hadde. Det blir drege fram at det var "lite tiltalende at det vert utleigt hus til slike folk serleg av ein offentleg institusjon som Fylkesbåtane". Vidare kan me lesa: "Dersom det ikkje er bruk for huset til noko må det vera mykje berre at kommunen kjøper det og overlet det til huslause innan bygdi...I det heile meiner fatigstyret at det er ei skam for bygdi at desse folki får ha tilhald her."

Lokal uvilje

17. april same året sende ordføraren i Lærdal brev til Lærdal Gamleheim, der han ba om at det vart funne plass til mannen. Svaret som kom 22. april var positivt, "...dersom det ikkje fører med seg urimelege vanskar for dei som steller der." 21. april sende formannskapet i Lærdal eit brev til Lærdal fattigstyre med enkelte merknadar til vedtaket som Lærdal fattigstyre gjorde 15. april. Her blir det gjort greie for saka til denne omstreifaren, og at det kom ordre om å skaffa han hus fordi han låg ute i telt i fleire graders kulde. "Ein huseigar i våre



Særutskrift av mødeboka til Lærdal fattigstyre datert 15. april 1947

dagar må nok sjå på at andre bur i huset sitt utan å få koma inn i det sjølv ofte...Sjølvsagt er desse folk ille sedd i bygdi som dei er alle stader. Ingen ynskjer å ha dei. Men ein kvan staden må dei vera og no er det vår tur ei stund, som det og har vore i tidene før manger gonger ogso sidan eg hugsar." Kommunen var også på den tida pålagt å fylgja dei påbod som blei lagt på dei, men me kan ut frå dette klårt lesa uvilja ved å ha omstreifarar i bygda si.

Fordeling av godene

Ein skulle tru at fattigstyret var til for å hjelpa menneske som ikkje hadde det så bra, men her ser me eit godt døme på at ein fattig som kom utanfrå bygda ikkje vart handsama like godt som ein fattig frå bygda. Den negative haldninga til omstreifarar har også gjort seg gjeldande

i fattigstyret. Folk utanfrå bygda vart sett på som "inntrengarar" som ikkje skulle nytta godt av godane i kommunen. Synet på desse omstreifarane kan samanliknast med skepsisen til oppretting av asylmottak som enkelte kommunar har uttrykt i seinare tid. Enno diskuterar me korleis godane i kommunane skal fordelast, og enkelte hevdar at innvandrarar får betre tilhøve enn dei innfødde. Framandfrykt er diverre enno eit problem i dagens samfunn.

Uprenta kjelder:

Særutskrift frå mødeboka til Lærdal fattigstyre, 15.04.1947. Korrespondanse frå ordføraren i Lærdal til fattigstyret, 21.04.1947. Korrespondanse mellom ordføraren i Lærdal og Lærdal Gamleheim, 17. og 22. april 1947.

Prenta kjelder:

Om lausgjengarlova på www.regjeringen.no

Minnestein på Island om skogplanting

Av Hermund Kleppa



Minnesteinen over ambassadør Torgeir Anderssen-Rysst i Haukadalur 1991. (Foto: Torleiv Førland)



Dotter til Torgeir Anderssen-Rysst, Rannveig, ved minnesteinen over faren under avdukinga, 6. juni 1961. (Foto: Torleiv Førland)

I 1949 byrja eit samarbeid mellom Noreg og Island om skogreising. Skogplantarar frå Troms reiste til Island og planta skog og islandske skogplantarar reiste andre vegen. Seinare utveksla dei to landa skogplantarar fram til år 2000. Den norske ambassadøren på Island, Torgeir Anderssen-Rysst, hadde ei sentral rolle i tiltaket. I 1961 vart han heidra med minnestein.

"den som dyrker skog"

Minnesteinen over Torgeir Anderssen-Rysst, norsk ambassadør på Island 1945-1958, og skogreisar, står i Haukadalur. Steinen er om lag ein meter høg og har denne innskrifta:

I MINNINGU UM
TORGEIR
ANDERSSEN-RYSST
SENDIHERRA NORDMANNA
Á ÍSLANDI
1945-1958

DEN SOM DYRKER SKOG
OG I ET FRØ

SER EN SKOG
SOM BÅDE VAR OG ER
SKAL I ÅND OG SANNHET
IKKE DØ

G.R-A.

Avdukinga

Minnesteinen vart avduka tysdag 6. juni 1961. Mange var med på høgtida; - offisielle representantar frå Island og Noreg, ei dotter til Anderssen-Rysst, nordmenn busette på Island og nordmenn som nett då var på skogplanting, og ikkje så reint få islendingar.

Rannveig Anderssen-Rysst heldt tale og stod føre avdukinga. Sekretær Sandberg helsa frå den norske ambassaden og la ned blommar ved steinen. Det vart sunge fleire norske og islandske songar.

Torgeir Anderssen-Rysst

Torgeir Anderssen-Rysst (1888-1958), Noregs første ambassadør på Island, var svært interessert i skogdyrking. Han og skogdirektør Hakon Bjarnason vart gode vener. Det var på Anderssen-Rysst sitt initiativ at utvekslinga av skogplantarar mellom Noreg og Island kom i gang i 1949. Ei gruppe islendingar reiste då til Troms der dei oppheldt seg i to veker, og ei gruppe frå Troms kom til Island og planta skog i Haukadalur. Utvekslinga heldt fram kvart tredje år fram til 1982, og deretter kvart fjerde år til 2000.

Anderssen-Rysst stod og bak den norske folkegáva til Island som takk for islendingane si hjelp og støtte under andre verdskrigen. Gáva var ein million norske kroner som skulle brukast til å styrkja skogreisinga på Island i samarbeid mellom dei to landa. HM kong Olav V vitja Island i 1961 og overrekte då offisielt gáva.

Anderssen-Rysst var elles ein av hovudmennene bak bygginga av Nordmannalaget si hytte i Heidmork. Staden ber namnet hans - Torgeirsstadir. Hytta stod ferdig og vart innvigd i 1954.



Ved avdukinga av minnesteinen i 1961 var folk og såg på det første plantefeltet frå 1949. (Foto: Torleiv Førland)

Slektsrøter frå Eid

Torgeir Anderssen-Rysst vart fødd og voks opp i Ålesund, men han hadde nære slektsband til Eid i Nordfjord. Far hans, Andreas Andersen, var fødd og oppvoksen på garden Nes. Han var son til Andreas Jakobsen Rysst og Brite Torgeirsdatter. Far til Brite, Torgeir, kjøpte gard på Nes og busette seg der. Signaturen "A.O. Rindal" skriv mellom anna dette i minneord om Anderssen-

Rysst i Fjordabladet: "[han] hadde visseleg mange god og herlege minne frå den tid han som smågut vitja ættargarden sin. Der på Nes fekk han slå fylgje med dei andre (..) og ha det overlag koseleg under leik i skog og mark. Det var fising og bading i Honndalsvatnet og anna moro for den unge guten den tid. Dette gav og klårt til kjenne ved brev og helsingar til slekta si her heime."

Elles skriv "A.O. Rindal" også følgjande: "Torgeir Anderssen-Rysst var eit overlag hjartegodt menneske (..). Dei åra han budde på Island fekk mange av hans landsmenn nyte godt av dette. Når dei kom til øylandet der ute i havet, tok han mot dei på aller beste måte. Han var med andre ord som ein far for dei."

Staur

Det var nausynt å gjerda inn plantefelta mot beitande sau. Til dette føremålet vart det her i landet i ei årrekkje samla inn einestaur og sendt til Island. Ein særskild aktiv mann i skogreisings-samarbeidet var presten Harald Hope i Ytre-Arna, Hordaland. Han stod føre innsamling av ikkje mindre enn 22.000 gjerdepålar og vart i somme samanhengar titulert som staurpresten.

Kjelder:

Informasjon frå:

Torleiv Førland, *Vevring, Naustdal*.

Per R. Landro, *Den norske ambassaden på Island*.

Prenta kjelder:

Fjordabladet. 25.04, 16.09.1958.

Skog og skogreising på Island. I Norsk Skogbruk.

Særprent frå Nr. 11, 12, 13, 14.1960

Nettstad:

<http://www.noregur.is>


Kvar finns den eldste siloen i Sogn og fjordane?

Dei skal visstnok ha vore tidleg ute med å legge i silo i Fjærland. Då Mikkel Mundal kom til Mo Jordbruksskule som elev i 1912, kunne han fortelje skulestyrar Håland korleis dei brukte å leggje i silo i Fjærland. Det tyder på lange tradisjonar for silolegging. Men kvar finns den eldste siloen i Sogn og Fjordane?

Gammal silo i Hordaland

På garden Skare i Odda i Hordaland står det ein steinmurt silo frå 1879 med skifertak. Dette er ein usedvanleg gammal silo, og det vert påstått at det er den eldste i Noreg. Har nokon opplysingar om siloar som kan tenkjast å vere så gamle i Sogn og Fjordane, så del dei gjerne med oss pr. e-post eller telefon.

Av Sturla Binder



Illustrasjon til eit småskrift frå landbruksdepartementet i 1941 om bygging av siloar

På skogplanting på Island i 1961

Av Hermund Kleppa



Torleiv Førland i heimen sin i Vevring i april 2008. Då han var på Island i 1961 noterte han i skrivebok (Foto: H. Kleppa)

I 1949 byrja eit samarbeid mellom Noreg og Island om skogreising. Ei gruppe frå Troms reiste til Island og planta skog i to veker. Seinare utveksla dei to landa skogplantarar kvart tredje år. I 1961 var Torleiv Førland og Agnar Tingnes frå Vevring med. Førti år seinare reiste dei til Island for å sjå om plantefeltet sitt.

Skreiv dagbok

Torleiv Førland, fødd 1920, var 41 år gamal då han i 1961 reiste til Island på skogplanting. Reisa vart mykje meir enn å planta tre. Turen vart eit møte både med eit ukjent og kjent land på same tid. Førland vitja ein sunnfjording som hadde busett seg på Island, han treffe islendingar, var med på samkomer, kom til stader han hadde høyrte om, og stader som var nye for han. Og Førland noterte flittig. Denne artikkelen er eit utdrag av Torleiv Førland sine noteringar om "Islandsturen", 31. mai - 13. juni 1961. Den er eit tillegg til artikkel om ein minnestein om skogplanting i Haukadalur.

Frå Ålesund

- Det var 'kje til å tru. Eg måtte klype meg i armen. Var det verkeleg så at eg var mellom dei 50-60 som sat i eit av Braathen SAFE sine fly som duva lett i lufta. Me reiste frå Vigra flyplass og var i alt 54 utanom mannskapet og flyvertinna. Me flaug i 8000 fots høgde. Vêret var overskya så me såg ikkje mykje til havet under oss.

Landa i Reykjavik

Kl. 08.00 islandsk tid såg me islandskysten. Fjellindane stakk opp or skydekke. Me gjekk ned under skydekke og kom inn ov7er Reykjavik og landa på Keflavik, flyplassen amerikanarane har bygt. Me vart vel mottekne av skogdirektøren [Håkon Bjørnson] og fleire andre. Og så bar det i bussar inn til byen der me fekk mat på ein kafé.

Norsk kongevitjing

Det høvde slik at me kom til Reykjavik same dagen som kong Olav V kom til Island på offisielt besøk. Byen var vak-

kert pynta. Kongen steig i land kl. 11.00 og køyrde gjennom byen. Gatene var fulle med folk og borna hadde norske og islandske flagg. Etterpå la kongen ned krans ved støtta til Jon Sigurdsson, Island sin første president. Reykjavik mannskor song. Om ettermiddagen la kongen ned krans ved minnesmerket over falne nordmenn på Island. Der var alle skogplantarane og mange nordmenn på Island samla. Presten Harald Hope heldt tale. Han var med som skogplantar.

Møte med utvandra sunnfjording

I Reykjavik treffe eg Lyder Høydal. Han kom til Island i 1903 som fiskar og vart gift og busette seg på Island. Eg overnatta hjå Høydal både då me kom til Island og på vegen heimatt. Han hadde mykje interessant å fortelja. Far min [Anders Førland 1876-1939] var óg i unge år på fiske ved Island. Han og Lyder Høydal treffest. Dei var med dei første som fiska med garn ved Vestmannaøyane.

Nasjonalrett

Etter frukost gjekk Agnar og eg og såg oss om i byen. Kl. 12.00 var me heime att til Høydal der me fekk smaka på Island sin nasjonalkost. Det er fårekjøtt i rull, røykt og kokt med skjyr til. Skjyr er kokt mjølk, avkjølt og tilsett osteløype. Det ser ut som fløytekrem, og dei har mjølk og sukker på.

Til skogplantingsstadene

Etter kaffinen bar det til byen og hotellet. Me vart no delte i tre flokkar. Ti skulle til Nordlandet, ein tolv timars busstur. Ti skulle til Tjorsardalur, og resten av oss skulle til Haukadalur. Men fyrst køyrde vi samla til Thingvellir, den gamle tingstaden. Her fekk me sjå der dei gamle hadde tingstaden og høyre om det. Så bar det oppover. Det er veldige vidder og udyrka mark. Her og der var store gardar. Og me såg nydyrkingsfelt. Svære grøfter var grevne opp i fleire meters breidde og djupne. Og grøftene låg opne.

Geysir

Me kom opp til Geysir og såg oss om der varme kjelder putrar og dampar. For at me skulle få sjå den spruta, var verten av etter ein spade med grønsåpe og



Dei reiste frå Vigra, Ålesund, med eit Braathen-fly til Island (på biletet) og heimatt med eit Loftleidir-fly. (Foto: Torleiv Førland)

hadde ned i. Og litt etter kvart tok den til å sprute og koka og så kom spruten opp i 15-20 meters høgde. Det varte nokre sekundar. Det vart teke mange bilete og filma.

Innlosjert på skule

Her skulle me bu på ein skule i nokre dagar. Den vart driven som ein ungdoms- og idrettsskule. Her var eit stort basseng med varmt vatn som ein kunne bada i når ein ville. Me budde på tomannsrom. Fredag [2. juni] kørde me litt lenger opp i dalen og såg oss ikring på plantefeltet der dei hadde planta i åra 1949, 1952, 1955 og 1958. Fagfolka var same om at skogen stod fint.

Planting

Så vart me tekne ut to og to, ei kvinne og ein kar til å planta saman. Karen fekk ein slags spade til å lage hol for planta. Gjenta bar plantene og sette ned i. Og arbeidet gjekk med liv og lyst. Det var fint veir og varm sol. Mat fekk me på plantestaden kl. 13.30 og arbeidde så til kl. 18.00 og vart så kørde i bilar ned att til skulen. Etter kvart som me vart betre kjende med kvarandre, syntet det seg at me var folk frå nær sagt alle yrke: gardbrukarar, hage- og skogsfolk, lærar, jordmødre, sjukesystre, kontorfolk, ein stortingsmann, studentar, ein fabrikkengar og arbeidarar. [Førland var handelsmann.]

Fjelltur

Søndag morgon [4. juni] kl. 07.00 var vi åtte stykke som var på fjelltur. Og det var fint veir og om lag to timar kvar veg. Me såg langt omkring, mellom anna ut

til Vestmannaøyane. Der var det far dreiv fiske og kjøpte tran. Her oppe hadde plantarane i 1958 laga ein varde og skrive namna sine på papir.

På tur til Gullfoss

Me kom ned til middag kl. 12.00. Og så bar det med bussar til Gullfoss. Der var eit veldig fossefall. Her kunne verte mange kilowatt kraft. Det var turistar og såg seg om. Her var mykje filming og fotografering. Så bar det attende til Haukadalur.

Avduking

Måndag var det planting, og tysdag var det planting til kl. 15.00. Så var det avduking av minnestein over den norske sendemannen Torgeir Anderssen-Rysst.



Torleiv Førland på skogplanting på Island i 1961. Dei var gjerne ei kvinne og ein kar i sving på plantefeltet, han laga hol, ho sette planta nedi og trødde til. (Foto: Torleiv Førland)

Dotter hans [Rannveig] var med oss og planta nokre dagar. Sidan såg me oss ikring i skogen som var planta i 1949. Om kvelden var det fest med godmat. Det var komen ein heil buss frå Reykjavik med folk. Så fekk me sjå den islandske nasjonalsporten glima. Det var to gutar som tok tak i reimar dei hadde rundt livet. Og så galdt det å få kvarandre overende. Etterpå fekk dei som ville dansa. Så fekk me kaffi og kaker.

Til Thitjordalur

Tysdag kveld [6. juni], etter kl. 01.00 om natta, bar det til Thitjordalur [eit anna plantefelt i ein nabodal] og det siste stykket var det over elva med bilen så vatnet spruta.



I Reykjavik var Torleiv Førland på besøk hjå Lyder Høidal og familie. Høidal hadde i unge år reist til Island på fiske og busett seg på Island. Her er Lyder Høidal og kona saman med døtrene Hulda (venstre) og Gerda. (Foto: Torleiv Førland)

Kl. 03.30 var me komne fram til to små brakker med plass for 10 mann i kvar. Kl. 09.00 var det frukost, og så bar det ut i marka på planting. Her var bra å planta. A. og eg sette 750 planter den dagen. Vi fekk fisk til middag og plukk-fisk til kvelds. Kl. 22.00 var det kaffi.

Torsdag [8. juni] var det frukost kl. 08.00 og middag kl. 12.30. Me fekk raudt islandskjøtt og ertesuppe. Den gode mjølka var på bordet til kvar tid. Kl. 13.00 var det kaffi etter at me hadde kvilt. Så bar det av igjen til feltet. Kl. 15.30 fekk me kaffi og så var det på bil-tur for å sjå ein gamal nedlagt gard frå 1100-talet. Garden heitte Stønge og elva Raudeelva. Forbau var ein stor foss. Om kvelden fiska Mundal og eg nokre timar, men det var for tidleg på året. Me fekk eit par aurar og røyr på ca ein kilo kvar.

Stor gard

Fredag [9.juni] planta me i godt veir, og fekk fisk og skjyr til middag. Etter middag planta me til kl. 15.00, og så reiste me på tur ned på ein stor gard og planta 200 bjørk og 200 gran. Det var fort gjort. Og så vart me bedne til bords, reint som eit julebord, flotte smørbrød og fleire sorter kaker. Stortingsmannen i laget takka for maten og gjestfriheta. Etterpå såg me oss rundt i fjøset. Kyrne kom inn frå beite og vart mjølka fire kvar gong med mjølkemaskin som førde mjølka i røyr ut til sil og kjølar og ned i spann. Sidan såg me bustadhuset til ungbonden. Det var eit moderne hus til 350.000 kr. Han hadde fått noko av fars-garden og 800 mål til nydyrking.

Siste plantedagen

Laurdag [10. juni] planta me resten av plantene og i alt vart det 13.000 planter. [I alt planta dei i 1961 om lag 130.000 planter]. Me hadde oss ein fjelltur og såg oss om. Då me kom ned att, var det vasking og barbering. Skjegget hadde vokse langt og stritt. Til kvelds kl. 18.30 fekk me godt ferskt sosekjøtt. Dessert brukar dei ikkje her på Island. Dei brukar mykje kjøtt, sauekjøtt, røykt og salta. [Så langt nær opp til rett avskrift frå dagboka].

Kort om reisa tilbake

Vidare fortel Førland i dagboka si om reisa heimatt frå plantefelta. På vegen attende til Reykjavik, søndag 11. juni, var dei framom fleire stader; - på garden Eidseta der dei såg grotter der det skal ha budd irar før nordmennene kom til Island i 872, på Tunnstogi planteskule, på Mulakot, Lidarende og Skalholt.

Måndag 12. juni gjekk dei ein tur i byen og handla souvenirar. Deretter var dei på besøk på Normannalaget si hytte på Heidmork. Om

kvelden heldt den islandske regjeringa festmiddag for skogplantarane. - Det vart servert laks og lammekjøtt og is og drikkevarer, skriv Førland, "(altfor mykje)" noterte han i ein parentes etter "drikkevarer". Tysdag 13. juni reiste dei frå Keflavik flyplass med same flyet som frakta islandske skogplantarar tilbake frå Noreg. Dermed var den fjerde skogplantar-utvekslinga mellom Noreg og Island i 1961 gjennomført.

Tilbake 40 år etter

I 2001 reiste skogplantarane Torleiv Førland og Agnar Tingnes til Island for å sjå staden der dei var med og planta skog i 1961. - Det skal bli artig å komme attende, sa dei til Firda like før dei reiste.

Kjelder:

Torleiv Førland: Dagbok og diverse papir i omslagsmappe og fotoalbum.

Informasjon frå: Den norsk ambassaden på Island, 2008.

Nettstad: Torgeirstad - Normannslaget hytte <http://www.noregur.is/misc/print.aspx?article={901a05ea-0bda-44f2-8f1a-d9652e62124e}>



I 2001 reiste skogplantarane Torleiv Førland (høgre) og Agnar Tingnes til Island for å sjå skogen dei var med og planta i 1961. Her står dei saman med den islandske skogsjefen (midten). (Foto: Torleiv Førland)

Haukedalen forsamlingshus

Av Hermund Kleppa

Eg held på med å samla "stoff" til ein artikkel om bedehuset i Haukedalen. Artikkelen skal inn i Fylkesarkivet sitt nettbaserte Kulturhistorisk leksikon. Dette stykket er mellombels. Det er skrive på grunnlag av "stoff" eg har fått i til nå: - ved eit besøk i huset, informasjon frå tre personar, noteringar i ein branntakstprotokoll og noko eg fann i avisa Firda. Med tid og stunder har eg håp om å kunna fylla ut med eitt og anna frå andre kjelder.

Namnet

I Haukedalen kallar dei bedehuset sitt *Forsamlingshuset*. Det signaliserer brei bruk, eit hus der folk kjem saman. Ordet *samlingshus* har òg vore brukt, Haukedalen samlingshus. Bokstavane HS står påtrykt nokre gamle koppar og mugger.

2008

Forsamlingshuset ligg på Gjerland, - eg hadde nær sagt midt i vegkrysset der. Huset ser lite ut, og lågt. Det er kvitmåla, har tre store vindauga på kvar side og er tekt med skifer. Sommarsdag blømer det i eit velstelt blomsterbedd ved grunnmuren i sør. Elles er det så og seia ikkje uteareal til bedehuset i Haukedalen. Inngangsdøra er på norde brystveggen, i eit lite påbygg av nyare dato. Frå inngangen er det dør inn i første høgda og trapp ned til kjellarhøgda der det er garderobe og kjøken.



Haukedalen forsamlingshus på Gjerland i Haukedalen.

Inne får ein ikkje kjensle av eit "lite og lågt hus". Tvert imot, her er romsleg og høgt under taket, open himling under halve huset. Det eine rommet under galleriet er ope mot storsalen. I det andre kjem trappa frå kjellarhøgda opp, og det går trapp opp til galleriet. I interiøret går det eldre og nyare godt i hop, tømra vegger og trekvit panel, bjelkar under galleriet, linoleumsbelegg på golvet, røyrstolar og eit par langbenker, elektriske

panelomnar og ein skikkeleg gammaldags fyringsomn, og på veggene heng prydnadsting av ulik alder. Dette er med få ord *Forsamlingshuset* i Haukedalen, anno 2008.

Hustomt frå to gardar

Eg var i Haukedalen no, 2. mai. Kjellaug Gjerland, Jon Frøysland og Leonard Birkeland møtte meg og viste meg rundt. Dei fortalde at to gardar gav fri grunn til huset. Eigedomsgrensa mellom Anders Gjerland og Rognald Gjerland gjekk midt gjennom huset. Mon tru om det finst maken nokon stad til denne varianten av fri grunn?

Under bygging våren 1912

Dei fortalde at huset stod i 1913. Nokre dagar seinare fann eg handfaste opplysningar om byggjearten i ein branntakstprotokoll. *Førde herreds gjensidige brannforsikringsforening* (seinare Førde branntrygdslag) byrja i 1900 med å branntrygda bygningar og innbu. Arkivet til branntrygdslaget er ei god bygningshistorisk kjelde, spesielt takstprotokollane. Ei innførsle viser at den 20. april 1912 heldt Ole K. Gjerland og Anders K. Ness takstforretning over "Haukedalens Forsamlingshus". Dei noterte opplysningar om huset i eit trykt skjema der me kan lesa følgjande om "Haukedalen Forsamlingshus."

- "Opført af tømmer og bord
- Taket tækket med bord (sutak)
- Størrelse 10,20 Meter langt, 7,60 M. bredt, 3,40 M. høit til Taget.
- Antal Etager: 1 etage med galeri.
- Hvorledes indredet? Huset er under bygning, det vil blive indredet i 2 rum. Sutaget er paalagt og vindus Karmene med ramme er indsat, Klædnings gulv og lem. Materialerne er opstabet i huset og sjiferen til taktækning lige ved huset.
- Er der Grundmur og i saafald i hvilken højde over Grunden? 2, meter
- Er der Kjelder og i saafald hvorledes indredet? Ja, ikke indredet."

Kjellaretasjen

Ja, det var kjellar i 1912, men han var "ikke indredet". I dag er det rettast å seia at huset har tre høgder, - kjellar, første høgda og andre høgda (galleriet). Det gjekk ei tid før kjellaren vart laga til og teken i bruk. Fyrst vart det berre sett opp kjer (steinkar, oppmura pillarar) i påvente av full mur. Etter fleire år vart det laga tjukk steinmur, kring 1 meter, som var det vanlege, og ordna med innreiing til kjøken og servering, - kokeomn med to opningar, disk og skåp, koppar og kar, langbord på krakkar og benker.

Kjellaren var ferdig til 1936. Av eit stykke i *Firda* går det fram at Sunnfjord krins av Norges kristelige ungdomsforbund heldt den årlege ungdomsstemna si i Haukedalen i 1936. Stemnefolket kørde den nye vegen over Rørvikfjeller nokre dagar før vegen vart offiselt opna. Dei vart gjestfrøtt mottekte i Haukedalen. Stemnestaden var atmed ein granlund ved tunet til Anders Gjerland og det var laga til med matsal i "samlingshuset", står det i *Firda*.

Året etter var fylkestinget på besøk. Då skreiv *Firda*: "Og haukedølingane tok mot sine gjester i samlingshuset [merk ordet *samlingshuset*] på Gjerland på det beste: med spikekjøt, spikeflesk og feit rjomegraut, so fylkestinget minnest nok turen til Haukedalen." I 1970-åra vart kjellarhøgda utbetra med ny grunnmur i betong, avdelt kjøken, garderobe, toalett og svingtrapp opp til første høgda.

Innreiinga oppe

I første høgda var det berre nausynt med nokre mindre endringar ved utbeiringane i 1970-åra. Vetlesalen blei ein del av den store salen ved at dei opphavlege firdoble dørene blei tekne ut. Galleriet er også slik det alltid har vore. Det går svingtrapp opp og det er luker til å opna mot salen.

Troppa ber bod om godt snekkerhandverk. Ho er truleg laga av Nikolai Aarskog. Det finst mange trapper rundt om i bygda som Aarskog har laga.

Inventar

Som alt nemnt er inventaret av ulik alder. Langbenkane er skifta ut med røyrstolar som kan stablast. Det gamle kateteret eller talarstolen er bytt ut med ein nyare, men brettet for Bibelen eller papira til den som stod (eller står) på talarstolen, er bygt inn i den nye. Trørglet er kome frå kyrkja, sameleis den store fyringsomnen. Straumen kom i 1958. I taket heng dei opphavlege lyskuplane, på bindestolpane framme ved talarstolen er montert doble lampettar av nyare dato. Før straumen kom, stod det to sjuarma lysestakar i tre på kvar si hylle der. Stakane er tekne vare på oppe på galleriet.

Utsmykking

Forsamlingshuset i Haukedalen er rikare utsmykka på veggene enn mange andre bedehus. Motiva er både av sakral karakter og av denne verda. Her er bilete i glas og rame, to veggteppe, eit par broderi, to helsingar, - ei på tinnfat og ei innramma. På veggen framme er der eit bilete av Jesus i bøn innfor Guds åsyn og to broderi med bibelord og blomstermotiv. Elles er her bilete av den store komponisten frå Haukedalen, Johannes Haarklou, av lærar Sigurd Nesse (minnebilet) og lekpreikar Andreas Haarklou, vidare av Ola Nesse, bror til Sigurd Nesse, (kjend lekpreikar frå Nessane i Balestrand), lærar Olai Slåtten (lærer i lang tid), Rognald Gjerland (1844-1922) (bonde, hadde veldig songrøyst, var aktiv i fråhaldslag, prest og emissærar var velsedde gjester hjå han, står det i bygdeboka for Førde).

Bruk

Det vart sett opp statutter som fastsette kva huset kunne brukast til. Det er spesifikt sagt noko huset *ikkje* kunne brukast til: - kortspel, drikk og dans. Elles har forsamlingshuset opp gjennom åra vore brukt til oppbyggjelege møte, søndagsskule, juletefestar, basarar. Vidare har det vore brukt ved gravferder og barnedåp. Her har vore vegmøte, møte om kraftforsyninga, sløydkurs, sykurs, skule (då den nye skulen på Frøysland vart bygd) og kyrkjelege handlingar då kyrkja vart restaurert.

Juletefestar i 1942

Juletefestar har vore fast tilskiping, både ein og fleire. Det kunne vera tre ringar rundt juletreet på det meste.



Ingen skal måtta frysa. Den store fyringsomnen stod tidlegare i kyrkja.

Signaturen G.S. nemner noko om juletefestar i eit Haukedalsbrev i *Firda*, 21.1.1942.:

"Haukedalen har ogso i år hatt sine tradisjonelle juletefestar. 4-dag jol skipa ungdomslaget til fest i forsamlingshuset på Gjerland. Festalar var sokneprest G. Kvarstein frå Førde. Då soknepresten gjekk på talarstolen var det store og romslege huset fullsett med folk. Midt i salen stod det vent pynta juletreet, der både gamle og unge fant sin plass i ringen. Dei kjende og kjære jolesongane ljoma fulltonande gjennom salen og gav folk ei kjensle av fest og verkeleg jol. 3-nyårsdag skipa Haukedalen fråhaldslag til fest. Festalar var lærar Slettmark frå Førde. Slettmark er ein mykje kjend og godt likt folketalar og haukedølerne møtte so mannjamnt fram for å høyra honom at det store forsamlingshuset heldt på å verta sprengt. Fredag 9. januar var det ogso fest her. Denne festen vart tilskipa av Frelser-armeen - avdeling frå Florø."

Finansiering

Huset vart bygd ved innsamla midlar, og ikkje reint liten dugnadsinnsats. Mange gardbrukarar gav kvar sin benk, det vil vel seia at dei kosta kvar sin benk.

Alle foto: Hermund Kleppa



Romsleg og høgt under taket. Innreiing, inventar og utsmykking er prega av gammalt og nytt.

Kjelder til historisk kunnskap om ein skule

Av Hermund Kleppa

Onsdag 14. mai 2008 var folk samla til historiekveld i det gamle skulehuset i Gravdal, Torskangerpollen, Vågsøy. Ei prosjektgruppe har byrja eit arbeid med å gje nytt liv til skulehuset. Målet er å gjera huset til ein breiare møtestad for bygdefolk og ein stoppestad for tilreisande. Eit viktig delmål er å kunna formidla skulehistorie, tilby noko av saga til skulehuset og livet der opp gjennom åra. I dette stykket vil me oppsummera og utfylla noko om stader-/område prosjektfolka (og andre) kan gå for hausta inn skulehistorisk informasjon.

Gravdal skule (skulehus) vart teke i bruk i 1907 for Våge skulekrins som då omfatta bygdene Vågsvåg og Torskangerpoll. Oppedalen nordanom Torskangerpoll var eigen skulekrins. I 1920 vart krinsane slegne saman, og i 1959 flytte skulehaldet til nytt skulehus i Vågsvåg. Skulehuset i Gravdal var ikkje berre skulehus, det vart nytta som forsamlingshus i bygda òg, også etter at det var slutt med skulen i 1959.

Det gamle skulehuset var stappfullt på historiekvelden. Programmet var allsidig. Det blei orientert om huset, om tiltak som alt er gjort (t.d. ny inngangstrapp) og arbeid det er meininga å utføra (t.d. å rusta opp kjellarhøgda med moderne kjøkken). Snorre Øverbø og Hermund Kleppa frå Fylkesarkivet orienterte om gamle protokollar, brev og andre skriv som seier noko om Gravdal skule. Dei nemnde plansjar og lærebøker, skulehistoriske fotografi og livsminne. Elles kunne folk gå rundt og sjå på gamle lærebøker og anna som var lagde ut på bord. Dei nikka atkjennande og samtala om mangt og mykje frå skuletida. Det gamle skulehuset var denne kvelden i røynda fullt med levande skulehistorie.

Livsminne, munnleg historie

Kring 25 av dei vel 50 som var på historiekvelden hadde gått i skule i Gravdal. Kvar av dei hadde (og har) "noko" frå skuletida levande i minnet sitt. Dei hugsar og kan fortelja om timane, skulearbeidet, læraren, friminutta, juletreffestane, andre hendingar. Samla utgjer dei



Gravdal skule i Torskangerpollen, mai 2008.

tidlegare elevane ei oppkome av skulehistorie. Men gamle skuleelevar lever ikkje i det uendelege. Nokon må skriva ned og eller ta opp "på band".

Arkiv

Gamle protokollar og lause skriv inneheld skulehistorisk informasjon. Sidan den første obligatoriske grunnskulen kom ved kgl. forordning av 23. januar 1739 har skulestellet vore fastsett og regulert gjennom lover og føresegner. Skulelova av 1889 (iverksett frå 1.1.1890) opna for større grad av folkestyring. Det ligg i namnet, folkeskule, i staden for tidlegare almueskule. Og det kjem ikkje minst fram i at det blei oppretta eit tilsynsutval (kredstilsyn/krins-tilsyn) for kvar skulekrins.

Tre folkevalde organ i kommunestyringa er sentrale når ein gjev seg ut på leit etter skulehistorisk informasjon: kommunestyret, skulestyret og krinstilsynet. Dei handsama kvar for seg og sett under eitt, saker som galdt skulen og skulelokalet (leige, byggjing, leikeplass, reinhald, inventar, lærartilsetjing, opp-

læring, målsprøsmålet, skogplanting, m.m). Kwart organ førde møtebok og hadde i tillegg andre arkivsaker. Elevane kjem fram/til syne i dagbøker og karakterprotokollar, i nokre tilfelle også gjennom stilar dei skreiv til eksamen og rekneoppgåver dei løyste. Protokollar skulen brukte i samband med skuleboksamlinga, fortel om bøker og utlån. I rekneskapsbøker til kommunekasseraen kan det finnast noteringar om utgifter til skulen.

NB! Gravdal skule høyrer til i to kommunar, først Selje kommune til 1911, deretter Sør-Vågsøy kommune. Det vil såleis finnast opplysningar i to kommunearkiv, kommunearkivet for Selje og kommunearkivet for Sør-Vågsøy.

Privat kan det og finnast elevarbeid (stillebøker, teikningar, handarbeid, sløyd-gjenstandar, minnebøker) som er interessante skulehistoriske spor. Dessutan kan det førekoma skulehistoriske opplysningar i private dagbøker og brev. Kunnskap om bruk av skulehuset til anna enn skulehald, t.d. redningsskøyte-

kveldar, basarar o.a., finst også fleire stader: - i minnet til folk, i møtebøker og andre arkivsaker frå lag og foreiningar som brukte huset, i aviser, bøker og blad.

Foto

Redaktør Waage i Fjordenes Tidende var tilstades på historiekvelden. Han ba dei som hadde gått på skule i skulehuset om å stilla opp til fotografering. Bileta han tok, blei på ein måte skulehistoriske bilete. Og kan henda fleire av dei tidlegare elevane har bilete frå når dei gjekk på skulen. Fotografi og anna biletmateriale kan elles finnast mange stader.

Trykte kjelder

Det står noko "på trykk" om Gravdal skule i bøker og blad - spreidd mange stader. Lokalavisene har alltid hatt skulestoff, både dagsaktuelt og historisk. Å samla inn frå avisene inneber å gå gjennom måløyavisa *Fjordenes Tidende* frå 1910 (startåret) med auge for stoff knytta til skulen og bygda. På historie-

kvelden var boka *Skulen i Vågsøy gjennom hundre år* utstilt. Dessutan må ein saumfara lokalhistorisk litteratur der det kan tenkjast å stå noko om skulen. Hugs på å notera nødvendige referansar. Det gjeld og alt anna materiale.

Bygningen - skulehuset

Skulehuset i seg sjølv er eit historisk studieobjekt, - å sjå nærare på storleik, byggjemateriale, romløysing, vindauga, listverk, endringar. Ein kan og finna bygningshistoriske opplysningar i arkivkjelder og andre stader til utfylling. I møteboka for kommunestyret i Selje, 30. januar 1906, går det til dømes fram at det nye skulehuset i Gravdal utvendig skulle vera 10 x 10 x 5 meter. Utanom opplysningar i kommunale arkivkjelder kan det finnast bygningshistoriske opplysningar i branntakstprotokoller. Både Norges Brannkasse og Selje gjensidige brannforsikringsforening dreiv brannforsikringsverksemd på den tida skulehuset i Gravdal vart bygt.

Gjenstandar

Inventaret i skulehuset høyrer med til den samla skulehistoriske dokumentasjonen. Det opphavlege kateteret er framleis der, likeeins minst ein av dei gamle pultane. Dessutan kunne folk på historiekvelden sjå døme på lærebøker og andre læremiddel.

Kvar har det noko for seg å leita?

Grav der du står var tittelen på ei bok om lokalhistorie som kom ut i 1978. Boka handlar om å leita etter historisk informasjon lokalt - i dette høvet i den gamle Gravdal skule, i Våge skulekrins, i Torskangerpollen. Så kan ein søkja vidare/ta kontakt med, - utflytte personar, historielag (Vågsøy historielag, Nordfjord Sogelag), arkiv (Fylkesarkivet), museum (Nordfjord folkemuseum, Kystmuseet), bibliotek (kommunebiblioteket, Fylkesbiblioteket), og stader der dei har gjort noko liknande (t.d. i Bulandet og på Buskøy fiskarbondemuseum). Prosjekt Gravdal skule er godt i gang.

Alle foto: Hermund Kleppa



Redaktør Waage i Fjordenes Tidende var tilstades. Han samla alle som hadde gått i skulen i det gamle skulehuset til avfotografering. Dei song den mykje brukte skulesongen No livnar det i lungdar

Litteratur til Fylkesarkivet november 2007 – april 2008

Av Randi Melvær

Skjønlitteratur

- Aasen, Ivar (1896). Udvalgte skrifter ved Vetle Vislie. 456 s.
- av innholdet: Fridtjofs Saga: i Omskrift i det nyere Landsmaal
- Barsnes, Andreas (1930). Kjærleik og målstrid: morospel i tvo vendingar. 63 s.
- Foehse, Ludvig (1897). Udvandrerne :en Indianerfortælling. 32 s. – (Ungdoms- Bibliotheket. En serie Smaa-fortællinger fra alle lande i farvetrykte Omslag)
- Lavik, Andreas (1887). Husmandsdatteren og hendes Søn : Fortælling. 104 s. – ("Folkets avis"s Gratisbog)

Arkiv

- Ordning av historiske arkiver : en innføring (2002). Fylkesarkivet for Vest-fold. – 42 s. Emne: Ordning av privat-arkiv.

Aviser

- Johansen, Tor Are (2007). Hett bly og raske presser: teknologisk endring i norsk avisproduksjon 1880-1940. 151 s. – (Pressehistoriske skrifter)

Kyrkjehistorie


- Sogeskrift for Naustdal 2007. Emne: Naustdal mellomalderkyrkje. 51 s.
- Eid kyrkje 150 år (1999). Eid sokne råd. – 261 s.

Samfunnsvitskapane

- Vefring, Synne Nessestrand (2007). "No byggjer vi Høyanger" : ein dis kursanalytisk studie av omstillingsprosessen i Høyanger. 118 s. – Masteroppgåve i samfunnsgeografi.
- Sem, Gunhild Kirsti (2007). Selja – et kulturlandskap i endring : en plan for istandsetting og skjøtsel av kulturlandskapet. 133 s. – Masteroppgåve i landskapsplanlegging.

Offentleg forvaltning (og anna)

- Balestrand kommune 1837 – 1987: lokalt folkestyre 150 år. 22 s.
- Oversikt over Herredsdeler siden 1838: bilag til Formandskabslovs-komiteens Indstilling (1900). 18 s.



- Endeleg tilråding frå kommuneinndelingskomiteen om kommuneinndelinga i Sogn og Fjordane (1960).
- Kjøllås, Gerhard (1959). Indre Sunnmøre branntrygdslag: 1859-1959. – 83 s.
- Femaarsmeldinga for folkeskulen [i Sogn og Fjordane]: 1891-1895: 1896-1900: 1901-1906. I arkivboks. Femårs-meldingane for kvart futeri er samla i ei arkivmappe. Eldre kommuneinndeling. Innholdsliste i arkivboksen.
- Festskrift: ungdomsskulen 1893-1943 (1946). Emne: folkehøgskular. Her finn ein Nordfjord ungdomsskule (Nordfjord folkehøgskule), Sogn Ungdomsskule (Askelund) og Sunnfjord ungdomsskule (Solvang). 335 s.
- Flatin, Tov (1939). Gamalt frå Numedal 7. – 103 s. – (Norsk folkeminne lag. Skrifter)
- Asbjørnsen, P.Chr. (1932). Folke- og huldreeventyr bind 1. Norske kunstneres billedutgave – 214 s.

Språk

- Hægstad, Marius (1902). Maalet i dei gamle kongebrev. 49 s. – (Videnskabs-selskabets skrifter)
- Solvang, Kristian (1986). Stadnamna på Blakset og på Fjella. – 452 s.

Folkemedisin

- Reichborn-Kjennerud, Ingjald (1924). Ormen i nordisk folke-medisin: belyst ved den klassiske oldtidsmedisin. 45 s. Særtrykk av Noregs apotekerforenings tidsskrifts farmaceutisk-videnskabelige del.

Landbruk

- Anda, Ingebr. (1888). Nogle Ord om Folgevæsenet : (Føderaads-, Vilkaar- eller Kaarvæsenet) – 8 s.
- Årsmelding 2007 ; Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag. 42 s.

Fotografi

- Sollied, Ragna (1967). Eldre bergenske fotografer. 141 s.

Musikk

- Wickström, David-Emil (2003). Signifyin' Vigdal : aspects of the Ragnar Vigdal tradition and the revival of Norwegian vocal folk music. 150 s. Masteroppgåve i etno musikologi.
- Lindhjem, Anna (1916). Norges orgler og organister til og med 1914. – XXXI, 374 s.

Litteratur

- Egils Saga eller Fortællingen om Egil Skallagrimsson: efter det islandske grundskrift ved N.M.Petersen (1901). – København, 236 s.
- Sverres saga (2007). 337 s. (Islenzk fornrit)

Geografi

- Bergum, Leiv (2007). Sogndal: portrett av ein tettstad. 270 s.

Slektshistorie

- Synnevåg, Svein Helge (1962). Gards- og ættebok for Svein Helge Synnevåg og hustru Gerd Marie f. Grønevik : Slengesol, Gulen, Sogn og Fjordane. – 45 bl. Gards- og ættesoge utfylt i skjema frå Noregs bondelag.


Andre verdkrigen

- Tande-Petersen, Alf (2007). Måløyraidet: starten på Hitlers nederlag. – 164 s.
- Lunde, Gulbrand (1941). Kampen for Noreg : skrifter, foredrag og avisartikler 1933-1940. 246 s.

Lokalhistorie

- Årbok for Sogn. Nr 53, 2007. De Heibergske samlingar - 168 s.
- Engeset, Bergljot (2007). Dei gav oss ein arv: verdsarv: vestnorsk fjordlandskap. - 127 s.
- JSA: Jostedal skule- og bygdeavis 2006/2007. 123 s.

- Luster lokalhistoriske årbok 2000, nr. 4. Sogelaga i Luster. – 146 s.
- ... so han sa... : Lokalhistorisk årshäfte 2007. Sogndal sogelag og Fjærland sogelag. – 95 s.
- Timberlid, Jan Anders (2007). Sogndal bygdebok: gardar og folk Stedje sokn. Band 2 og 3. – 559 s. og 589 s.
- Sogeskrift frå Hyllestad : 2007. 75 s.



”Framnæs”



Biletet heng i Tinghuset på Leikanger. Bakpå kan vil lese følgjande tekst, skrive av Leikanger kulturminnenemnd i 1977: ”Dette biletet hang i dampskipsekspedisjonslokalet i det gamle Jordalshuset på Leikanger like fram til 1970-åra då huset vart rive. Biletet er ikkje signert, men vi er komme til at det truleg er eit tidleg arbeid av målaren Rolf Fleischer. Han vaks opp i sorenskrivargarden på Leikanger. Han vart fødd 26.04.1861 og døydde den 31.01.1943. Han er gravlagd i Kaupanger. Nærare data om han vil ein kunne få ved Sogn Folkemuseum. Båten på biletmotivet er visstnok ein av dei eldste fylkesbåtane d/s ”Framnæs”. Medlem av kulturvernemnda Bjarne Eggum, tok hand om biletet før Jordalshuset vart rive med sikte på å få det overdregt til Leikanger kommune. Kulturvernemnda har vendt seg til arvingen i Jordals bu, Thea Eri i Oslo, som har uttalt at det ville glede henne om kommunen kunne dra nytte av biletet”.

Florø sin diktar – Magnus Thingnæs

Av Randi Melvær

Magnus Thingnæs vart fødd i 1912 i Florø. Foreldra var Gustav Andreas Thingnæs, fødd i 1878 på Tingnes i Vevring og Nele Larina Madsdtr. Skorpa frå Florø. Faren var handelsmann og dreiv handel først i Bergen, så i Florø og til sist i Ålesund.

Død berre 50 år gamal

Magnus Thingnæs arbeidde både som typograf og journalist, først i Ålesund. Familien flytte dit i 1929. Sidan flytte Magnus Thingnæs til Oslo i 1938 og arbeidde her som typograf til han døyde. I tillegg til arbeidet som typograf, skreiv han innlegg og dikt i aviser og bøker. Han redigerte også fleire bøker. Han gifta seg med Edel Håkonsen. Dei fekk sonen Frode Thingnæs som er musikar.

Engasjement

I Oslo var Thingnæs med på å skipa Florø-klubben og var i mange år aktiv både i denne klubben og i Sunnfjordlaget. I Sunnfjordlaget vart han heidersmedlem. Allereie i 1962, berre 50 år gamal, døyde han. Hadde han fått leve lenger, ville han nok ha sett fleire spor etter seg. Magnus Thingnæs var entusiastisk i det han dreiv med. Han tok initiativ til å få sett opp eit minnesmerke over brørne Johan Ernst Sars (historikar) og Georg Ossian Welhaven Sars (zoolog og havforskar). Dette var ei gåve frå utflytte til fodebyen Florø. Minnesmerket vart avduka i 1960.

Nils Løkkebø skreiv slik om Magnus Thingnæs i 1956: ”Magnus Thingnæs er aldri så glad som når han får høve til å fortelje andre om Sunnfjord og Florø. Då vert han varm og ivrig, og han vert aldri trøyt av å syne dei kor vakkert det er i Sunnfjord, og kor stor og rik ei framtid landsluten vil få dersom han berre kan skaffe seg gode vilkår for vokster og utvikling.”

Florø-songar

Det er ikkje nokon stor og omfattande litterær produksjon etter Magnus Thingnæs. Men ein del av dikta hans er stadig i bruk som songar. Dikta hans er regelbundne og difor lette å setja tone til og å syngja. Han har skriva fleire hylingsprologar og mange hylingsdikt til byen.



MAGNUS THINGNÆS er ingen debutant i vanlig forstand. Han har et rikt journalistisk virke bak seg i forskjellige aviser gjennom 25 år, og han har skrevet fire bøker tidligere, hvorav én diktsamling og to guttebøker. I 1956 skrev han boken: «Sunnfjord i Oslo», et festskrift i anledning Sunnfjordlagets 40 års jubileum.

«Når månen står midt i skaret», som er hans første større skjønnlitterære verk, er en uhyre realistisk roman fra sagatiden. Forfatteren kjenner de traktene hvor handlingen foregår og hvor man den dag i dag har historiske minnesmerker som også danner bakgrunnen for fortellingen i boken.

«Dette er innbretten frå boka Når månen står midt i skaret. Det viser kva Lunde forlag skreiv om forfattaren i 1959.

heimbyen sin. Fleire av dikta er tonesette og blir brukt i ulike samanhengar i Florø. I songboka – *Skjønn er du by*, *Songbok for Florafolk* finn vi heile tre songar som Magnus Thingnæs har skriva teksten til. Dette er *Alle byer av betydning*, *Florø*, *et lite stykke av fedrelandet* og *Stille fred har lagt seg over vannet*. Florø har æra bydiktaren sin med å kalla opp ei gate etter han: Magnus Thingnæsgata.

Sildebyen

Diktet *En by blir til* fortel om sildefisket som var med å danna grunnlaget for byen.

Det gjer også diktet *Sildebyen*. Her høyrer vi òg om produktet sildeolje som sette eit markert luktnemerke på byen i mange år.

Heimstaddiktar og lokalpatriot

I *Sogeskrift for Naustdal 1999* kallar Erling Førland Thingnæs ”heimstaddiktar og patriot”. Det har han nok rett i. Magnus Thingnæs var glad i dei store og vakre orda når han skildra heimpllassen sin og naturen i Sunnfjord. Diktet *Bautasteinar i Sunnfjord* er eit godt døme på dette. Her skreiv han om mange av fjellpartia i Sunnfjord, og omtala i tillegg historia, med både Ingolf Arnarson og Skallagrim. Historia tok han føre seg i andre dikt òg. I diktet *Brytningstid* skildra han utvandringa til Island som fylgje av Harald Hårfagre si samling av landet. Diktet tek og føre seg overgangen frå åsatu til kristentru.

Dikt som lærebøker?

Første gongen eg las dei to dikta *Bautasteinar i Sunnfjord* og *Brytningstid*, tenkte eg at desse må vere skrivne av ein lærar. Dikta var som ei lærebok i Sunnfjords geografi, og historia kring vikingtida.

MATHI

Bøkene til Magnus Thingnæs kom ut frå 1944 til 1960, i eit tidsrom på 16 år, men skrivninga hans starta før 1944. I diktsamlinga *Min barndoms by* som kom ut i 1944 er eit av dikta frå 1935: *Hilsen til Florø på 75 årsdagen 16. mai 1935*. Han skreiv og innlegg og dikt i fleire aviser, spesielt i *Fylkestidende* og i *Firda Folkeblad*, begge aviser frå Florø, men og i aviser som *Sunnmøre Tidend*, *Aalesund Avis*, *Bergens Aftenblad*, *Aftenposten*, *Dagbladet*, *Kongsberg Dagblad* og *Nordfjord Folkeblad*. Også i blada *Jol i Sunnfjord*, *Norsk Gutteblad* og *Folkemagasinet* skreiv Magnus Thingnæs. Ofte merka han stoffet sitt med førebokstavane MATHI.

Bynamnet Florø

Magnus Thingnæs tok standpunkt i debatten om bynamnet Florø som var oppe til avstemning i Stortinget i 1939. Han var veldig for å bevare namnet som det var, ikkje endra det til Flora. I diktsamlinga *Min barndoms by* har han eit



Utsyn frå Likkjeåsen og nord-austover, med kyrkja i framgrunnen, byen og fjella i nordaust. Fiskarflåten ligg i hamn, februar 1953. Fotograf: Malvin N. Horne

intnst innlegg i debatten i diktform, skriven med ei forklarande innleiing om debatten, og med store bokstavar for å syna dei sterke kjenslene han må ha hatt for stadnamnforma Florø. Som vi veit heiter poststaden og byen framleis Florø i dag, sjølv om storkommunen (samansett av dei tidlegare kommunane Flora, Eikefjord, Kinn og Bru) i dag heiter Flora.

Minne frå faren sin oppvekst-plass i Vevring

Om somrane reiste Gustav og Nele Thingnæs med familie på ferie til Vevring. Minner frå desse feriane ser vi att i dikta til Magnus Thingnæs *Sommerkveld på Vevringfjorden*, *På Heilefjell* og *Min fjord under Heilefjell*.

Dette skreiv Magnus Thingnæs:

To diktsamlingar:

Min barndoms by, Eige forlag, 1944. 64 s. Illustrert av Bjørn Hegrane. Eit dikt er tonesett av Florømannen Sigvald Smith: *Kveldssang for veslegutt*. I omtalen av denne diktsamlinga skreiv Nils Løkkebø: ”Innleiingsartikkelen om Sunnfjord og Florø i *Min barndoms by* gjev bakgrunnen for ei rekkje stemningsfulle dikt om heimbyen og fjordbygdene der vest. Det er nok ikkje mange norske byar og bygder som har fått slik ei varm hyllest og kjærleg helsing frå ein av sine utflytte søner.”

Ein historisk ungdomsroman:

Når månen står midt i skaret. Oslo : Lunde forlag, 1959. 149 s.

Redaktør av Florøbøker og redaktør og forfatter av bøker om Sunnfjordlaget

Florø i tekst og bilder 1860 – 1950 frå serien ”Kjenn ditt land”, og *Florø : Noregs vestligste by 100 år frå 1960*. Den første startar med to av dikta hans under signaturen MATHI. *Sunnfjord i Oslo, 1916 – 16. november – 1941* (red. Magnus Thingnæs) *Sunnfjord i Oslo: Sunnfjordlaget gjennom 40 år*. Oslo: Sunnfjordlaget, 1956.

Kjelder:

Førland, Erling (1999). I *Sogeskrift for Naustdal 1999* : Magnus Thingnæs, heimstaddiktar og patriot. S. 6-13.

Lund-Iversen, Carl Lauritz (1990). *Ord gjennom år, diktning og diktarar frå Sunnfjord og Nordfjord : 1700-1986 med bibliografi : ein antologi*. s. 107 og 214.

NRK Sogn og Fjordane Fylkesleksikon.

Sindre, Bjarte: *Minnetale over Magnus Thingnæs og en omtale av hans litterære virksomhet, holdt på årsmøtet i Florøklubben i Oslo 22. februar 1963*. (Klipp frå *Firda Folkeblad* 13. mai 1963.)

Løkkebø, Nils. I *Sunnfjord i Oslo : Ein god talsmann for Sunnfjord og Sunnfjord-byen Florø*.

Skjønn er du by : songbok for Florafolk (2001)

Utgeven av Flora kommune, kulturkontoret. 77 s.

To guttebøker:

Den tomme vakttonna. Oslo : Braute og sønn, 1946. 158 s. *De fredløses øy*. Oslo : Triangelforlaget, 1948. 136 s.



Vevring ein sommarsundag i 1950. Biletet viser Tingnes med Gjöringbøfjellet og Heilefjellet i bakgrunnen. Heilefjelleg går att i fleire av Magnus Thingnæs sine dikt. Fotograf: Malvin N. Horne

To spanande gutebøker

Av Randi Mevær



Den tomme vakttonna

I 1946 kom den første av dei to ungdomsbøkene til Magnus Thingnæs ut. Den "er bygd på verkelege hendingar i forbodstida", skreiv Erling Førland (1999). Hendingane går føre seg i og omkring Florø. Her høyrer vi både om Kipparmusikken på nyttårsafta og førebuingane til Jonsokbåla ute i skjergarden. Sonen til lensmannen, Leif, er helten i boka, saman med Kimmen, ein byoriginal, ein vaksen "laupargut", dvs. sykkelbod for kjøpmennene i byen.

Heltar og skurkar

Kjøpmann Gran prøver å slå ein gardbrukar Anders Erdal konkurs for å kunne overta fallrettane i elva på eige- dommen hans. Rettane vil han sidan selja til kommunen til kraftforsyning for byen. Men det viser seg å bli vanskeleg, så han må arrangera ei bortføring av gardbrukaren. Den same kjøpmannen driv og med brennevinssmugling. For å dekkja over smuglinga tenner smuglarane på skulen og dei tek med seg lens-

mannssonen Leif, Kimmen og Per som vakta materiallage- ret til jonsokbålet. Desse tre er i gong med å oppklara brotsverka.

Når enden er god ...

Boka endar godt. Uvêr overraskar kjeltringane, heltane får overtaket, og kan reisa nøgde heim att saman med lensmannen og med skurkane i fangenskap. Gutane sluttar å erta Kimmen, og let han vera som han er. Jonsokbåla lyser i natta, og gardbrukar Anders Erdal får behalda garden sin.

king frå ein medelev fører med seg at Evald rømer heimanfrå. Heimbyen er tydelegvis Florø, men det blir ikkje nemnt i boka. Sjølv om Likkjeåsen er blitt til Byfjellet (Ålesund) er både Nærøya og Kvannhovden med i forteljinga.

Mange strabasar

Evald hamnar i Bergen, Lærdal, Oslo og Portugal, før han blir meldt omkomen på havet under forsøk på å redde menneskapet på ein havarist. Etter dette blir han teken til fange av røvarar, før han omsider blir fridd ut av fangetilveret med hjelp frå skulekameraten Leif og deira felles morsekunnskapar.

Diamantformuen redda

Skurkane blir tekne i det dei skal til å røma med ein diamantformue som rettmessig høyrer til ei enkje etter ein skipskaptein og ungane hennar. Evald kjem heim til familien sin, og foreldra angrar på at dei ikkje trudde på sonen sin. Ein lukkeleg slutt på denne boka og, med andre ord.

De fredløses øy

Mange spanande og fantastiske hendingar, men og truverdige skil- dringar av ein ung gut sine kjensler og reaksjo- nar pregar boka som kom ut i 1948. Denne boka er nok meir vel- skreven enn den første guteboka.

Urettmessig avstraffing

Det er middelskuleele- ven Ewald Wrinckel som er helten og hovud- personen i boka. Han er flink i idrett, spesielt i symjing, men har litt for lett for å drøyme seg bort frå undervisninga i klasseromet. Dette slår læraren hans noko hardt ned på. Ei urettmessig skulding om knivstik-



Når månen står midt i skaret

Av Randi Mevær



Framsida på boka

Dette er ein spanande historisk roman for ungdom av Magnus Thingnæs. Boka kom ut i 1959. Handlinga er lagt til vikingtida, og staden er Sunnfjord, sær- leg Brandsøya, Kinn og Vevring. Hovudpersonen er ein ung gut, Ørnulf Granesson, som bur på garden Brands- øy.

Kjærleik og sverdslag

Boka er velskriven, spanande og gir ei truverdig skildring av hovudpersonen tankar og sjelelege utvikling fram mot ein vaksen mann.

Tema for romanen er kristen- domen si innføring i landet, og brytingar mellom tvil og tru hjå hovudpersonen.

Kinnaklova

Vi høyrer om Egil Skalla- grimson, Skallagrim og bro- ren Torolv, og stormannen Kveldulv. Oldefar til hovud- personen i boka blei fostra opp på garden til Kveldulv i Bremanger. Vi møter munken Olav og Håkon Jarl, kongen Olav Trygvasson og trel- len Kark, og ei av dei tre irske kongsdøtrene som etter segna forliste på Vestlandskysten og var årsak til at tre kyrkjer blei bygde på Vestlandet i mellom- alderen. Hovudpersonen Ørn- ulf Granesson står for å byg- ga kyrkja på Kinn til minne om den kongsdøttera som kom i land på Kinn. Skaret som tittelen spelar på er Kinnaklova.

Brytningstid

Tusen år i strid på same tuften gjorde slekten stolt og rak i rygg. Men med sverd ved lend i arbeidskuffen for på egen gård å sitte trygg gikk hver mann omkring på egen grunn. Voldsmenn røk på rek i li og lund, varg i veum flakket om i skogen, derfor bonden hærkledd gikk bak pløgen.

Gamle saga kan fortelle mangt om djerve menn som levde her fri' mellom Sunnfjords fjord og fjelle', vidt i verden kjent blant hovdingar. Kjempen Kveldulf rådde landet klokt da han seierrik kom hjem fra togt. Men da Harald svikfullt Torolv feldte, heiste hersen seil, vår saga meldte.

Fulgt han ble av mange frie frender da kong Harald landet hadde tatt. Aldri mere disse harde hender krøkte seg i kamp mot stein og kratt på den jord som hellig var for dem; - de forlot sitt fedreland – sitt hjem. Ingolv først på Islands bakker bygget, der ble slektens fremtid atter trygget.

Men de menn som trofast ble på grunnen ryddet fruktbar eng av sure myr; ofte levde de fra hånd til munnen på en mager gård med to-tre kyr. Ja, det ville hav, den harde stein fostret har et folk med marg i bein, stolt og steilt som selve Aldehesten, men med hjerte varmt innunder vesten.

Slekter svant, og nye tider rådde, gamle guders makt hos folk slo brist. Trygvason og Hellig-Olav sådde spiren for en tro på Kvite-Krist. Borgny kom fra vest på bølgen inn, og sin kirke bygde hun på Kinn. Ennå står den her så trygt på fjellet, taler mer enn saga kan fortelle.

Gode år og uår skiftet følge, sorg og glede vekslet halvt om halvt. Stille dager svant på uværsbølge, vintervind fra havet blåste kaldt. Men i med- og motgang folk stod fast selv om mangt et håp om fremgang brast. Sol ved kveld bak skjær i sjøen gladet, neste morgen fjell i gull lå badet.

Som en tråd igjennom alle dager havet, håpets kilde tok og gav. Ofte gav det frukt som høstens hager, tidt det gravde djerve sãmanns grav. Havets sølv i blanke stimer kom som et fossefall i vårens flom. Hvite seil på havets brede bærer brakte gull, men også bitre tårer.

Dette diktet er frå samlinga "Blomster fra min barndoms have", av Magnus Thingnæs, 1960.



Foto av Kinnaklova. Fotograf: Hermund Kleppa

Fritt den ligger mellem øer

I Stortinget var forma på bynamnet oppe til avstemning i 1939. I Florø var det folkeavstemning i 1935. Dette er eit innlegg i debatten om namnet på byen: Florø, Florøy eller Flora? Magnus Thingnæs innleide diktet med ei utgreiing om debatten, og kom med sitt klare syn på saka. Dei store bokstavane symboliserer truleg at han hadde ei svært sterk meining i namnespørsmålet. Diktet står i samlinga "Min barndoms by" frå 1944. For å finna tittelen til diktet, les du første bokstaven i kvar line frå toppen og nedover.

FRITT DEN LIGGER MELLEM ØER
LENGST DER UTE I MOT VEST,
OVERSPRØITET TIDT AV SJØER
RIDER DEN PÅ STORM OG BLEST
ØMT DEN HOLDER I SIN FAVN
SINE BARN SOM DER HAR BYGGET,
KREVER BARE AT DENS NAVN
ALLTID SKAL AV DEM BLI TRYGGET.
LARM OG LIV SKAL HAVNEN FYLLE,
BÅTER KOMMER, BÅTER GÅR.
YRKETS DÅD SKAL FOLKET HYLLE,
ENDELIG DENS TIME SLÅR.
NAVNET ER NATURENS GAVE,
HAVET HAR SATT TONE TIL.
ELSK DIN BY, HOLD DEN I ÆRE,
TA DET VALGSPROG AT DU VIL:
EVIG FLORØS NAVN SKAL VÆRE!

Dikt av Magnus Thingnæs

Bautasteiner i Sunnfjord

Innom sagnomsuste Kinn
bølger havet i sitt velde
trenger seg i fjorder inn
mellom steile, stolte fjelle'.
Ofte skjult bak tåre-sky,
ser du Florø, Sunnfjords by.

Utenfor i fall og flu
durer havets orgeltoner.
Innenfor i gamle Bru
Håsteinen mot himlen troner.
Rundt står kjemper, nå som før,
Store-Hesten lengst i sør.

Flammene i gull ved kveld
over sommergrønne jorden
hever høyt seg Heilefjell
fritt i Fagre Førdefjorden.
Svømmende i solgangsbris
Svanøy – Sunnfjords paradisi.

Som et seilermerke står
ut i havet Aldehesten,
bølgene mot brystet slår,
farger manen hvit i blesten.
Den i flukt mot frie hav
rystet har sin rytter av.

Skinnenede i is og sne
Ålfoten for synet stenger.
Mektig Jostedalens bre
ned til Jølsterbygden trenger.
Klauekjeipen, Erdefjell,
Bleia blåner av mot kveld.

Steil og stri på vakt mot vest,
slipt av sjørøkk skarp i eggen,
skjermende mot Nordhav-blest,
stiger svarte Olderveggen.
I ubendig, trassig tross
evig den mot uvær slåss.

Disse fjell i luften blå
der i kveldssol-brann de luet
var det siste Ingolv så
da han inn mot landet skuet.
Skallagrim det samme syn
svinne så bak himmel-bryn.

Står den enn, den kjemperad,
skjermende om Sunnfjords strender,
som et mektig hyllings-kvad
meislet inn med kunstner-hender.
Tonen skifter, myk og hård,
slik som landet, vinter, vår.

Dette diktet kjem frå samlinga "Blomster fra min barndoms have", av Magnus Thingnæs, 1960.

Avlevering frå Hyllestad, Solund og Flora

Av Marit Anita Skrede/Sturla Binder

For kommunearkivordninga er avlevering av eldre kommunale arkiv den største oppgåva i 2008. Etter at siste nummer av Kjelda gjekk i trykken har me motteke arkiv frå Hyllestad, Solund og Flora.

Hyllestad

Torsdag 27. mars vart 9 pallar med eldre kommunalt arkivmateriale flytta frå kommunehuset i Hyllestad til Fylkesarkivet sine lokale i Leikanger. Dette er unik historisk dokumentasjon frå Hyllestad vart eigen kommune i 1861, til kommunereguleringa i 1964. Arkivet var omhyggeleg pakka og listeført av Hanne Grethe Brendehaug i Hyllestad kommune, så sjølve flyttinga gjekk greitt.

Solund

Det nydelege vëret var ei flott ramme rundt avleveringa av eldre kommunale i arkiv i Solund. I løpet av dei fyrste dagane i mai, har arkivleiar i Solund, Sollaug Steinsund Osland, leia arbeidet med å pakka ned alt det kommunale

arkivmateriale frå kommunen som er eldre enn 1964. Den minste kommunen i fylket kunne frigjeringsdagen, 8. mai, senda i overkant av 50 banankassar med gamle papir inn til depotet til Fylkesarkivet.

Kommunegrensene i Solund bak i tid er noko kompliserte. Då landet ved formannskapslovene i 1837 vart delt inn i formannskapsdistrikt, låg det meste av dagens Solund under Eivindvik kommune. Resten, område som låg under Askvoll prestegjeld, kom under Askvoll kommune. Dette skuldast at dei fyrste kommunegrensene fylgde prestegjelda. 1. januar 1858 vart Utvær, sørlege delar av dagens Solund kommune, skilt ut som eigen kommune. I 1888 vart åtte matrikkelgardar overførte frå Askvoll kommune til Utvær kommune, som dermed omtrent hadde dei same grensene som Solund kommune i dag. Den einaste skilnaden er øya Losna som vart overført frå Gulen kommune 1. januar 1964. I 1890 skifte kommunen namn til Sulen kommune.



Utsnitt av møteboka frå fyrste kommunestyremøte i Hyllestad i 1861

Flora

Det måtte nyttast semitrailer då 25 pallar med nærare 400 banankassar med eldre kommunalt arkivmateriale skulle avleverast til depotet på Fylkesarkivet.



Sollaug Steinsund Osland og Hege Trovåg stod for nedpakkinga av mykje spanande gammalt arkivmateriale. Foto: Marit Anita Skrede

Avleveringa skjedde onsdag 21. mai, men i vekene før var det lagt ned fleire vekeverk i pakkinga av arkivmaterialet frå dei fire tidlegare kommunane Florø, Kinn, Bru og Eikefjord. Det var arkivmedarbeidarane Inger Eide Haukås, Grethe Whitehead og Anlaug Stavøstrand som stod for den formidable innsatsen med å få oversikt over og pakka ned alt arkivmaterialet som er eldre enn 1964. På midten av 1980-talet gjorde arkivar Hermund Kleppa ein stor jobb med å ordna og registrera det meste av arkivmaterialet frå dei fire Flora-kommunane. Arkivmedarbeidarane i Flora kommune tok utgangspunkt i lister som vart laga i samband med den jobben då dei sette i gong med nedpakkinga. Sidan laga dei lister over alt det uregistrerte materialet.

Kinn kommune vart oppretta i 1837. Den var identisk med det som då var Kinn prestegjeld. Ved kongeleg resolusjon av 3. januar 1861 vart Florø by skilt ut som eigen ladestad. Bremanger sokn

vart skilt ut frå Kinn prestegjeld i 1864 og vart då eige prestegjeld og frå 1866 også eigen kommune. 1. januar 1923 vart Kinn kommune delt opp i dei tre kommunane Kinn, Bru og Eikefjord. Kommunegrensene var i samsvar med dei gamle soknegrensene.

Dagen etter avleveringa starta tre arkivarar frå kommunearkivordninga den store jobben med å pakka opp og setta arkivmaterialet på hylle. For at me skal kunne finna fram i dette materialet, er det naudsynt å samordna det registrerte materialet med det uregistrerte materialet. Alt arkivmaterialet som er blitt til av ein arkivskapar i ein kommune, til dømes formannskapet, skal setjast samla. For å få best mogleg oversikt, set me dessutan arkivstykke på same serie samla. Det vil seia at me til dømes set alle møtebøkene til formannskapet samla, i kronologisk rekkefølge. Det kan vera både 10 og 20 seriar på enkelte arkivskaparar.

Status i arbeidet med avlevering av eldre kommunale arkiv Hyllestad, Solund og Flora var dermed 14., 15. og 16. kommune som avleverte sine eldre arkiv til Fylkesarkivet. Frå før av har Naustdal, Askvoll, Gulen, Høyanger, Balestrand, Stryn, Fjaler, Bremanger, Vågsøy, Hornindal, Lærdal, Selje og Leikanger avlevert.

Av dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane, er det 22 kommunar som har inngått avtale med Fylkesarkivet om å avlevere eldre kommunale arkiv. Målet er at dei seks kommunane som er satt og som skal bruke fellesdepotet, skal få avlevere sine arkiv i løpet av 2008.

På Fylkesarkivet blir det jobba med å få oversikt over arkivmaterialet. I løpet av kort tid kan me handtera førespurnadar frå publikum om ulike arkiv frå dei tre kommunane Hyllestad, Solund og Flora. Har du spørsmål er det berre å ta kontakt med oss.

Bruk av fysisk straff i skulen

Av Sturla Binder



Tysk karikatur frå 1849. Tukting med bjørkeris var ein straffemetode som vart mykje brukt.

da straffis hand saa som hand en fremmet hafde gjort Skade.

Husbonden sto over sin familie, og hadde lov til å tukte dei. På same måten sto læraren over elevane. Læring og straff høyrde med andre ord saman, og kunne vidare forsvarast med å vise til skrifta:

La ikke den unge være uten tukt! Når du slår ham med riset, skal han ikke dø. Du slår ham med riset, men du frelser hans sjel fra dødsriket (Ordspråkene 23,13).

Loven om folkeskulen på landet som kom i 1889 satt grenser for bruk av fysisk straff i skulen. Det skulle berre skje etter samråd og i nærver av eit medlemmene av tilsynsutvalet eller ein medlærer. Vidare var det opp til fleirtalet i kvar skulekrins om det skulle nyttast fysisk avstraffing i deira krins.

Når behovet for ein slik lovregulering meldte seg, var det fordi bruk av fysisk straff no vart sett på som eit problem i skulesamanheng. Synet på straff hadde endra seg frå den første folkeskulen vart etablert i 1739. Gjennom ulike kjelder her frå fylket kan vi spore desse endringane.

Tradisjon for bruk av straff

Folkeskulen som vart etablert i 1739 skulle sikre religiøs kunnskap hjå barn. Ein moraliserande og formanande pietistisk tradisjon prega undervisninga i form og innhald. Barna skulle vere underdanige og oppføre seg ordentleg slik at verknaden av dei religiøse formaningane ikkje skulle brytast ned. Bruk av fysisk straff var eit virkemiddel for å oppnå dette målet.

I 1739 var Noreg i union med Danmark. Styreformene var monarki under ein eineveldig konge som øvste myndigheit. Samfunnet var prega av store klasseskilnader, og det var viktig å oppretthalde hierarkiet. Fysisk avstraffing var her eit viktig virkemiddel, slik vi kan lese i Christian V's norske lov frå 1687:

Husbond maa refse sine Børn og Tyende med Kæp, eller Vond, og ej med Vaaben; Men gjør hand dem Saar, med Aad, eller Æg, eller slaar dem Lemmer sønder, eller skader dem paa deris Helbred,

Kva vart skulebarn straffa for?

I tida etter den første folkeskulen i 1739 skulle idealeleven vere underdanig og oppføre seg ordentlig. Det var difor sett på som naudsynt å slå hardt ned på dei elevane som viste liten innsatsvilje eller sluntra unna pliktene sine. Truleg var det dei fattigaste barna som kom dårlegast ut, då tronge og dårlege buforhold ikkje var det beste miljø for lekselesing. Vidare hadde nok mange tungt fysisk arbeid i tillegg til skulearbeidet, noko som sikkert gjorde dei trøytt og uopplagde på skulen, eller at dei ikkje kom i det heile.

Om vi ser nærare på kva som kunne føre til fysisk straff i skulesamanheng, kan alt knyttast til dei nemnte forholda. Desse døma er henta frå dagboka i Ljosne skulekrins i Lærdal kommune frå åra 1864 til 1878:

”Er straffet for ligegyldighet og forsømmelighed”

”Er bleven straffet for dovenskab og ulydighed”

”Straff for forsømmelighed med sine lekser”

Det var ikkje alltid det vart gitt ei forklaring til straffa. Det kunne berre stå: ”Er bleven tugtet med ris”

Frå beretningar etter bispevisitas i fylket finn vi spreidde vitnemål om bruk av fysisk straff i skulen. I Ytre Holmedal prestegjeld i 1831 tillot skulestyret at eit ”vanartet barn i overvær av to av kommisjonens medlemmer og skolebarna ble straffet med ris”.

Frå same prestegjeld i 1846 høyrer vi om ein ”trossig og vanartet” gut som ingen ville ha i skule. Oppsedinga var forsømd, og dei hadde komme fram til at



”Sandhed til gudfrygtighed”, skrive av biskop Erik Pontoppidan (1698-1764), var det mest sentrale verket innan den pietistiske skuletradisjonen. ”Pontoppidans forklaring”, som den vert kalla, gav ein pietistisk forklaring til den lutherske lære. Boka vart innført i folkeskulen og fikk stor innverknad. Den prega prega kristendomsundervisninga, og dermed kristendomsstypen i landet vårt fram til slutten av 1800-talet. Som lærebok hadde den store pedagogiske manglar. Med sine 759 spørsmål og svar er den meir ei opprømsing av protestantiske læresetningar enn ein barnebok. Derfor måtte den helst puggast, og innhaldet vart først forstått i vaksen alder (Kjelde: Norsk biografisk leksikon).

den einaste løysinga for å få han konfirmert var å få han dømt til tukthus. Biskopen frarådte dette og anbefalte heller at ein ”sindig, alvorlig og håndfast mann tok ham til seg for ved høvelig tukt å venne ham fra ulydighet og tross”.

Sokneprest Egeberg i Hafslo nytta harde midlar i skulen for å tukte ”dovne og ulydige barn”. I eit brev til biskopen frå 1843 fortel han sjølv at han lot bygdevektaren piske ”i skoleholderens og medhjelpernes påsyn de elever som ikke [hadde] forbedret seg”. Han ville bruke denne straffemetoden også i framtida, ”da han hadde funnet det meget effektivt”.



Avleveringa i Florø. Bak ser me pallar som er ferdig pakka. Me surrar med plast slik at pallane skal stå stabilt på flyttebilen. På biletet ser me Arne Schei, Gunnar Frøland, Jan Osa, Magnus Frøyen, Inger Eide Haukås og Anlaug Stavøstrand, alle Flora kommune. Foto: Marit Anita Skrede

Nye tankar om bruk av straff?

Som motvekt til den religiøse pietistisk tradisjonen som prega skulen, fikk humanistiske tankar fotfeste her til lands mot slutten av 1800 talet. Perioden vert kalla opplysingstida, og eit av trekk ved denne perioden er at holdningar til bruk av fysisk straff mot barn endra seg. Det avspeglar seg mellom anna i avgrensing i bruk av fysiske straffemetodar i den nye landskulelova i 1889. Spørsmålet ein slik avgrensing vart for første gang tatt opp i Stortinget i 1881 av venstrepolitikaren, cand.theol. Ole Vollan. Han foreslo til dels forbod mot fysisk avstraffing, og grunna det med at det var ein tendens i tida til å avskaffe "de vilkaarlige og barbariske Straffe, hvorpå våre eldre love var saa rige". Det var misbruket Vollan primært ville til livs. Straffemetodane tente berre til å fremje "Haardhed, Trods og Raahed hos Eleverne".

Forslaget møtte motstand, og vart nedrøysta i Stortinget. Motstanden kom ikkje minst frå skulen sine eigne menn. Eit innlegg i Dagbladet frå 1881, under-teikna med "en skolemand", harselerer over forslaget frå på følgjande vis: "For ramme Alvor for en Nationalforsamling at fremsette et så ørkesløst Forslag, der kun synes dikteret af en forbigaaende Ilterhed, synes blott at kunde tilskrives en mærkelig Taktløshed".

Her i fylket finn vi også reaksjonar på forslaget frå Vollan. Skulestyret i Lærdal kom med følgjande uttale i 1882:

"Man finder ikke at lovbestemmelser som de af hr. Vollan foreslåede er nødvendige eller gavnlige for diciplinen".

Den pedagogiske filosofien var, som desse døma syner, enno sterkt prega av at læring og straff høyrde saman, sjølv om humanistiske tankar omkring bruk av straff etterkvart vann innpass i skulen.

Tilsynsutvala

Den nye landsskulelova som kom i 1889 innførte tilsynsutval innan kvar skulekrins. Utvala hadde foreldreprerentasjon, og skulle med det skape sterkare band mellom heim og skule. Kvar utval hadde ein leiar som også var medlem av skulestyret. Tilsynsutvala kom med uttale i saker som skulestyret tok opp, og tok sjølve opp saker til handsaming i skulestyret.

Ei av dei første sakene dei fleste av tilsynsutvala tok opp var "bestemmelsen om Orden og Tugt i skolen". Frå Borgundvåg krins på Stadlandet kom følgjande uttale:

a. Dersom barnet har levende Fader, eller den i Faderens Sted, skal naar vedkommende Barn bør tugtes tilsiges af Læreren igjennem Udvalget minst 1 Dag forud, for at han kan være tilstæde i overvær af 1 af udvalgets Medlemmer og tugte selv sit Barn, eller overgive det til Læreren; imodsaftald hvis ikke han vil fremmøde har blot den af Udvalgets Medlemmer ret at være tilstede.

b. Finder Læreren noget Barn i Skolen som over Tyveri, Løgn, Banden, og Svorgen, eller andre aabenbare Laster, eller gjentagen trodsighed og dovenskab med sine Lekser, skal Barnet refses med legemlig Ris.

c. Førend Læreren tugter, skal han foreholde Barnet en Examination over hvad det bør tugtes for, og lade det faa komme til Kundskab om hvem det helst har syndet imod i sin Gierning; dog skal al Kjærlighed vises i Refselsen.

Tilsynsutvalet i Borgundvåg røysta altså for bruk av fysisk straff. Det er likevel verdt å merke seg at dei la sterke føringar på når fysisk straff kunne nyttast, og kva prosedyrar som skulle følgast.

Andre tilsynsutval sat enda strengare avgrensingar, medan nokre sat ned forbod. I ein krins avgjorde tilsynsutvalet at bruk av straff berre var lov så lenge dåverande lærar hadde posten. I Vadheim gjekk tilsynsutvalet inn for bruk av fysisk straff mot ein røyst, nemleg læraren sjølv.

Variasjon i bruk av straff

I perioden 1891 til 1906 vart det gjeve ut femårsmeldingar som skulle rapportere om skulen sin verksemd i kommunane. Desse gjev oss ein peikepinn på korleis ein såg på bruk av fysisk straff i skulane i Sogn og Fjordane etter 1889. Skulestyret i Årdal rapporterte i 1896:

§ 74. Forjaaviddt de Bestemmelser om Orden og Tugt, der af Skolestyret fastkættet for et Herreds Folkeskoler, giver Afgang til at anvende legemlig Straf, kan dette kun ske efter Samraad med og i Overvær af et af Tilhørsudvalgets Medlemmer eller en Medlærer.

Inden Skolestyret fatter Bestemmelse herom, skal Kredens Erklæring være indhentet. Er denne afgivet med to Trediedele af de mødendes Stemmer, skal den af Skolestyret tages tilfølge.

Legemlig Straf maa ikke tildeles Børn over 10 Aar.

Landskulelova som kom i 1889 sette grenser for bruk av fysisk straff i skulen. Straff skulle berre skje "efter Samraad med og i Overvær af et af Tilsynsudvalgets Medlemmer eller en medlærer", og "Inden Skolestyret fatter Bestemmelse herom, skal Kredens Erklæring være indhentet". Legg også merkje til det som står sist: "Legemlig Straf maa ikke tildeles Piger over 10 år". Det var i det heile stort sett gutar som vart utsett for fysisk straff.

"Disciplinen er for tiden god. Legemlig revselse er tilladt i flertallet af kredsene; ialfald i enkelte kredse vilde det paa grund af omstændighederne være heldig, om skolens tugt ogsaa kunde anvendes for foreelser, begaaede udenfor skolen".

Frå Balestrand vart det i 1897 rapportert at disiplinen var god men ...dog klages der fra nogle Steder over at den slappes, dels fordi Lærernes Straffemyndighed er mer innskærket end før

Leikanger rapporterte i 1901 at disiplinen var bra, og: "Lekamleg tukst brukast ikkje i skulen".

Synet på bruk av fysiske straffemetodar i skulen kunne altså variere frå kommune til kommune og frå krins til krins. Frå at læraren hadde full fridom til å straffe elevar, la lova frå 1889 mynde over til tilsynsutvalet som skulle lage reglar for bruk av straff. Mildare straffemetodar var ikkje omfatta av regelverket, og levde lenge vidare i skuleverket. Det kunne vere i form av lusingar, lugging, spontane klaps eller kinnhestar. Heller ikkje utdeling av slag på hender og fingre med linjal eller peikestokk sorterte under lekamleg straff. Først i 1936 vart det definitivt ulovleg med fysisk avstraffing i skulen. Lovteksten var klar: "Kroppslig refsing må ikkje nyttast i skulen (§ 70)".

Kjelder:
Femårsmeldingar for folkeskulen 1891-1906
Kommunale arkiv. Ymse skuledagbøker og møtebøker for tilsynsutvalet.

Litteratur:
Dokka, Hans-Jørgen.1988. En skole gjennom 250 år. Halland, Bente. 2007. Avskaffelse av fysisk straff av barn i Norge 1889-1936.
Nilsen, Halkild. 1953. Skolestell og folkeopplysningsarbeid i bygdene i Bergens stift 1800-1850.

Poteta - innvandrararen som berga liv

Av Ingrid Berger, Nordfjord Folkemuseum

Innføringa av den enkelt utsjåande og tilsynelatande lite spanande rotveksta poteta, var ei sær viktig hending her til lands. Poteta var enkel å dyrke og ho kunne nyttast på mange vis. Poteta vart ein livbergar i kosten for folk i harde tider, ei viktig næringskjelde og eit basisprodukt i norsk kosthald. Poteta vart også brukt som råstoff i brennevinsproduksjon.

Den første poteta

Ikkje før kring 1750 vart potet dyrka første gong på Vestlandet. Poteta var ny i heile landet på denne tida. Ho kom frå utlandet som ein framand og eksotisk vekst. Folk var skeptiske i byrjinga, og det var prestane som oppfordra folk, gjerne frå preikestolen, til å dyrke poteter. Desse «potetprestane» såg at poteta kunne bli eit dugeleg våpen i kampen mot svolt og hungersnaud. I Nordfjord var presten Peder Harboe Hertzberg, fødd i Davik i 1723, den mest kjende av desse.

Dyrkinga

Poteta er lett å dyrke og den veks på dei fleste stader. Det vert fortalt at den første som sette potet i Nordfjord var Halvard Antonsen Frøholm som levde frå 1696 til 1794. Han tok mold frå åkeren og tømde dette på ein stor stein. Der sette han poteter. Det er også fortalt om husmannsplassar der dei hadde 20 små potetåkrar rundt om. På stader der sommaren er kort, kunne potetavlingane bli dårlege. I ei melding til Landhusholdningsselskapet om korleis det sto til med jordbruket i Selje kommune i 1855, står det at dei dreiv med havre, noko bygg og



Rasp nytta til å raspe poteter. Rå poteter vart raspa på slike og liknande raspar både til komparar og til potetmjøl. Denne raspa er utskåren av eit trestykke. Det er skåre ut «piggar» i overflata. Då kjøtkverna vart vanleg, vart den gjerne nytta til å male dei rå potetene.



Potetkvern brukt på gnr/bnr 106.006 (Strand) i Breim. Kverna er av tre og forsterka med jarnband. Den er laga av ein uthola trestokk med ei treskrue i. Dei kokte potetaene vert pressa ut mellom stokken og skrua. Når dei kverna sette dei seg på fjøla på ein krakk, putta poteter ned i opningen og sveiva på handtaket. Ut kom dei moste potetene opp i ei skål eller liknande. NFM.0000-02447.



Sponkorg. Slike korger vert kalt «kiper». Kipa har tau på flatsida bak, slik at ein kan ha ho på ryggen. Kipa var brukt til bæring, og kunne mellom anna bli brukt til å bære poteter i. NFM.1977-03382.

Det vart dyrka poteter som aldri før i desse åra. For mange var det poteter til frukost, middag og kvelds. Poteta kunne nyttast som ho var, eller ho vart knadd inn i margarin, brøddeig, kakedeig og vaffelrøre. Denne allsidige og utbreidde bruken av poteta er ikkje noko nytt, men vart vekt til live att i naudstida. Utan poteta hadde hungersnaud brote ut i Norge under andre verdskrigen.

Å dryge mjøl og smør

I byrjinga vart poteta mest nytta i staden for eller i tillegg til mjøl for å dryge det. Før poteta var det særleg bork og mose som vart brukt til å dryge mjølet. Bork frå alm var særleg godt til dette bruket. Ein kunne også bruke poteta til å dryge smør. Dei blanda då kokte poteter inn i smøret og salta rikeleg.

Mat av og med potet

Poteta vart ganske fort ein viktig del av kosten til folk. I Nordfjord var poteta i bruk til ulike matrettar, som tilhøyre eller som ingrediens. Kokte poteter vart ete åleine eller ved sida av anna mat som til dømes sild, og poteter vart steikt i feitt og flekk. Poteta vart brukt som ingrediens i potetball, potetstappe, potetkaker og lefse, noko som vi kjenner også i 2007. Potetgraut, klumpesuppe, potetsuppe og kams er kanskje meir eksotisk og mindre freistande i dag? Til potetball vart rå poteter raspa. Elles vart poteta helst kokt og så knust eller kverna. Mange hadde potetkverner, og dei kunne gå på omgang mellom gardane. Kverna letta arbeidet mykje.

Potetgraut

Potetgraut kan kanskje vere noko å prøve seg på, også i 2007. Det var helst om hausten når potetene var nye, at dei lagde graut av dei. Potetene vart kokt med skalet på, reinsa når dei var varme og stampa i traub. Så vart dei blanda med mjølk og fekk eit oppkok. Det vart rørt i byggmjøl til grauten var passe fast, og så blei grauten salta. Dei kunne lage grauten utan mjølk eller med kjøtkraft i staden for mjølk.

Klumpesuppe

Klumpesuppe er suppe med «skeiklumpar», som er klumpar er av same slag som potetballane men mindre. Klumpane vart lagt i suppa med ei skei. Det var tre utgåve av suppa, den «fattigaste» var av vatn med eit par saueføter som gav litt kjøtsmak. Andre sorten var med søtmjøl i, den var særst god. Tredje slagget var ei suppe der mjølka var brosten til ost og myse før skeiklumpane kom oppi. Noko å prøve?

Potetkaker, potetstappe, kams og potetsuppe

Potetkaker var vanleg niste til dømes på jektefart, fiske og til gjetaren. Potetene vart most, tilsett mjøl og salt og klappa ut til flate kaker som vart steikte på takke. Potetstappe er ikkje ei ny oppfinning. Stappe var tilhøyre til kjøtt eller fisk, men kunne også vere sjølvstendig rett. Ein kunne nytte kjøtkraft til å koke dei skrelte potetene i. Dei ferdig kokte potetene vart stampa nedi krafta. Kams vart helst laga av brosmelever med kokte poteter, salt, karve og grynmjøl. Frå Indre Fure på Stadlandet i Selje kommune, vert det fortalt om kams. Dei lagde ein ball av deigen og putta han inn i gapet på eit brosmehovud og la i kokevatnet. Potetsuppe var ganske vanleg under andre verdskrigen. Det var ein gamal måte å bruke poteta på som vart teken opp att i dei knappe tidene. Rå, raspa poteter vart blanda i kokane mjølk og rørt i til det var gjennomkokt. Salt og litt sukker vart tatt i til slutt.

Potetball (kompar/klubb/raspeball/raspekake/komle/ball)

Kjært barn har mange namn. Potetball vart fort populær mat og er det enno. Rå poteter vart raspa, litt kokt potet kunne bli blanda inn, mjøl vart arbeidd inn og ein lagde runde eller avlange ballar som



Ei «knipflaske» eller «klukkflaske» til brennevin er dekorativ også utan innhald. Glasflaska er frå gnr. 085 Hopland i Stryn. Kanskje har det vore potetbrennevin i ho ein gong?

så vart kokt. Frå Gloppen vert det fortalt at potetball («kompar») ikkje var kvardagsmat og at ein gjerne hadde faste dagar ein åt dei på. Potetball vart også variert på mange måtar. Inni vart det gjerne lagt ein godbit og potetballen fekk namn etter kva som var inni han: «Feittklubb» med blod og ister, «fleskeklubb» med flekk inni, «nyreklubb» med flekk eller ister og kalvenyre, «leverklubb» med finhakka lever i røra og ister eller flekk inni. Klubb var også god mat å ha med seg på reise, til dømes fiske. Den kunne halde seg lenge, og om det var mugg på, så var det berre å skjære av for ein åt.

Potetmjøl

Potetmjøl lagde folk gjerne sjølve. Poteta vart raspa eller kverna og lagt på eit klede i små porsjonar. Kledet låg over ein stamp. Ein arbeidde dette kraftig med hendene samstundes som ein slo rikeleg med vatn over. Etterkvart samla stivelsen seg, potetmjølet, i botnen av stampen. Ein skifte vatn fleire gongar om dagen i 4-5 dagar, til potetmjølet var

heilt kvitt. Dette vart skore i bitar og lagt til tork på reine plagg. Bitane vart då knuste til mjølet vart jamt og fint. Av ei god bytte poteter kunne det verte ein kilo potetmjøl.

Ein dag med potet på byrjinga av 1900-talet

Frå Vedvik i Vågsøy har vi ei skildring måltida i løpet av ein vanleg kvardag på byrjinga av 1900-talet. Vågsøy ligg på kysten av Nordfjord. Det var vanleg med fire eller fem måltid, eit meir i vinnetida (onnetida), særleg om sommaren. I vinna (onna) skulle dei ut i 4-tida og slå, då måtte dei ha ein morgonbete først. Frukost var det i 8-tida, middag i 12-tida, nonsmat klokka 4-5 og til slutt kveldsmat. Potetkakar var ofte på bordet til frukost og nons (ettermiddagsmat) saman med anna kost. Til middagsmat var det mest vanleg med fisk og potet heile veka. Men som ein spiss på kvardagen kunne dei få potetballar med flekk eller kams i.

Potetbrennevin

Om poteta fraus var det til sorg for nokon, men til glede for andre. Etter frysing er poteta vassen og søt, og stivelsen vert omdanna til sukker. Frosne poteter kunne nyttast til brennevinproduksjon, og frå 1816 til 1845 var det lov å brenne sjølv. Det vert fortalt om ein mann frå Nordfjord som var glad i det sterke og godt kunne tenkje seg å bruke potetavlinga til brennevinbrenning. Kona sa nei, av di poteta var naudsynt til mat. Men mannen sette opp kjellardøra ei natt med frost,

poteta fraus og forsyninga av brennevin var sikra ei tid framover!

Prenta kjelder:

Ambjørnrud, Børke, Jansen og Moe (red), 1965: *Norsk Mat*, J.W.Cappelens Forlag, Oslo. Djupedal, Ingrid red. 1992 *Dar finst korkje vind eller væte*. Munnlege folketradisjonar frå Selje etter Djupedal, Emil J. Norsk Folkeminnelag/Aschehoug, Oslo/Gjøvik. Havro, Olav og Systad, Gunnhild, red. 1986 *Sogn og Fjordane i nær fortid* *Det Norske Samlaget*, Gjøvik. Hjeltnes, Guri 1987 *Norge 1940-1945 Hverdagsliv i krig* Aschehoug, Oslo. Nesdal, Sigurd 1989 *Frå potetgraut til potetgull 1* *Årbok for Nordfjord 1989*, Nordfjord Sogelag, Firda Ungdomslag, Nordfjord Folkemuseum, Sandane. Os, Edvard 1957 *Selje og Vågsøy. Bygdene og bygdesamfunnet*, Selje, Nord-Vågsøy og Sør-Vågsøy Herad, Oslo. Ryssdal, Marie 1987 *Om mat og matskikkar i Nordfjord 1* *Årbok for Nordfjord 1987*, Nordfjord Sogelag, Firda Ungdomslag, Nordfjord Folkemuseum, Sandane.

Litteratur:

Dybdahl, Audun 1992 *Matstell i eldre tid* *Steinkjer Museum, Steinkjer Trykkeri As*. Kongsvik, Ase og Støfringsdal, Kari, 1999: *Fjordamat. Kokeboka for Sogn og Fjordane*, Selja forlag, Drammen. Visted, Kristofer og Stigum, Hilmar 1975 *Vår gamle bondekultur Bind 2*, J.W.Cappelens Forlag, Oslo.

Sjå meir om potetens år på <http://www.potato2008.org/>



Eit potetgrev til å få opp potet frå jorda med er ein enkel men nyttig reiskap. Frå Gloppen vert det fortalt at potetene kunne bli sorterte under potetopptakinga. Dei beste til matpoteter, andre kategori var småpoteter, tredje kategori var til komparar og raspepotet og fjerde kategori til grisepotet.

Mykje historisk kunnskap i trykte kjelder

Av Hermund Kleppa

Fjord 1 sitt dotterselskap *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane* (FSF) er eit stort transportselskap på fleire måtar. Størst kanskje ved at FSF sidan starten i 1858 har vore til grunnleggjande nytte for heile folket i Sogn og Fjordane. Såleis er Fylkesbaatane si søge ein viktig del av fylkessoga og av kvar einaste bygdesoge. Denne artikkelen gjev eit oversyn over historisk litteratur om Fylkesbaatane. Det første sokeskriftet kom ut til 50 årsjubileet i 1908, men alt før var det skrivi litt om soga i lokalavisene. Og, mon tru om ikkje *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane* er nummer 1 i landet målt etter verdien prenta historie.

1883 (25 år) - avisomtale

"Vi vil (...) gjenkalde i Erindringen det Foretagendes Historie, som har været en saa mægtig Løftestang til vore Fremskridt" - skreiv signaturen "N" i *Nordre Bergenhus Amtsidende* (Florø) i eit stykke om Fylkesbaatane ved 25 årsjubileet i 1883. Fjordenes Blad (Nordfjordeid) trykte det same stykket kort tid etter. Forfattern er full av lovord over tiltaket, og rosar dei som sette i verk Fylkesbaatane eller Nordre Bergenhus Amts Dampskibe som verksemda heitte frå starten. Han var ikkje i tvil om at amtsskipa hadde vore av "overordentlig betydning" for utvikling og framsteg i fylket.

1898 (40 år) - avisomtale

"Et 40 aarsjubileum" er tittelen på eit stykke i *Fjordenes Blad* 1. desember 1898. Det vart skrivi til årsdagen, 2. desember, datoen då "Framnæs" i 1858 la ut på den første ordinære ruteturen frå Bergen til Lærdal. Forfattern tykkjer vél om Fylkesbaatane og ynskjer å heidra kvar og ein som har vore med - og er med - i det som har blitt eit særst tenleg og framtidretta ruteselskap. Sjå berre: "Man drikker gjerne, om leilighed gives, en skaal for alles trivsel og med haab om, at naar dampskibenes næste 10 aarsjubileum feires, [at] man da vil kunne se tilbage paa mange nye fremskridt i tiaaret til held for amtet og til ære og glede for de mange inden etaten, der med flid og troskab har baaret dagens byrder (...): D a m p s k i b e n e l e v e !"




Då Fylkesbaatane feira 25 årsjubileum 2. desember 1883, var heile flåten samla i Bergen. "Disse bleve da lagt ved Siden af hinanden, dekorerede med Flag og om Aftenen oplyst med Lamper." (Omtale i jubileumsheftet 1908.)

1908 (50 år) - hefte

Ved 50-årsjubileet kom Fylkesbaatane med sitt fyrste, eige sokeskrift. I selskapet si årsmelding for 1908 står: "I anledning av at det i 1908 var 50 aar siden amtsskibene begyndte driften, blev utarbeidet et jubilæumsskrift." Skriftet har tittelen *Nordre Bergenhus Amts Dampskibe 1858-1908* og undertittelen *En oversigt*. Heftet som er på 40 sider, er rikt illustrert med bilete av 5 skip, 36 personportrett, ei skisse av Bergen hamn 1858, teikning av dei fem flaggpyrda amtsskipa 1883 og eksterior- og interiørfoto frå ekspedisjonsbygningen på Patenebryggja i Bergen.

Skriftet gjer greie for amtsformannskapet (fylkestinget) si handsaming av dampskipssaka på ekstraordinært fylkesting hausten 1857, om korleis den iverksetjande nemnda utførde arbeidet sitt og deretter kortfatta om drifta gjennom 50 år. Eit stykke handlar om 25-årsjubileet 2. desember 1883, og det er teke med ein høvesong på melodien "Den norske Sømand er." Vidare står det ein heidersomtale av Malvin Christian Brochmann Frøchen (1839-1907). Han byrja som styrmann i 1863 og slutta etter 40 års teneste som skipsfører i 1903. Skriftet sluttar med kapitlet

"Tidens krav" som er ein kommentar til Fylkesbaatane som føretak (aktør) til "distriktets beste saavel i økonomisk som i kulturel henseende."



Framsida på den første historiepublikasjonen til FSF, jubileumsheftet *Nordre Bergenhus Amts Dampskibe 1858-1908*. Heftet er på 40 sider og rikt illustrert.

1931 - hefte til bruk i skulen

Det neste sokeskriftet - *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane* - kom ut i desember 1931, heilt utanom rundt år. "Eit vent lite hefte", skreiv Fjordabladet (Nordfjordeid), "der ein i stuttmaal faar fortalt selskapet si soga gjennom åri." Framsida er pryda av DS "Nordfjord 1" i full fart på fjorden. Heftet har 36 sider og er illustrert med bilete av skip og personportrett, og dessutan er det med eit bilete av ekspedisjonsbygningen i Bergen.

Dei fyrste 13 sidene er eit kortfatta oversyn over verksemda frå 1857 til kring 1890. Resten er kapittelindelt og handlar om - i same rekkefølga som opprekna her - konkurranse kring 1890, sterkare markering av "bondehovdingar" i styringa, tilhøva under 1. verdskrigen, mindre motorbåtar i lokaltrafikk, oversyn over tenestemenn i styret, tilhøva om bord for passasjerane, pensjonsordning for tilsette og konkurranse på ny måte i 1920-åra. Heftet var spesielt på den måten at det var skrivi og utgjeve med tanke på at det skulle brukast i folkeskulen. Det hadde som undertittel: *Eit stykke heimstadlæra*.



Framsida på heftet *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane* som kom ut i 1931. Det var skrivi av lærar A.B. Vamraak til bruk i folkeskulen.

1958 (100 år) - bok

Til hundreårsdagen, 2. desember 1958, kom boka *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane gjennom 100 år*, skriven av rektor Asbjørn Stensaker. Boka har 246 sider og er rikt illustrert med foto. I føreordet nemner forfattern særskilt at *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane* på mange måtar står i ei særstode som rute-



Tittelbladet i boka som kom til hundreårsjubileet i 1958.

båtlag ved at det var fylket som starta verksemda og skulle koma til å bli ståande som reiar gjennom heile hundreårsperioden. Målet var å skapa transport for alle i eit geografisk oppdelt fylke, ikkje å tena pengar.

Innhaldet er delt inn i 11 hovudkapittel ordna i kronologisk rekkefylgje. Dessutan har boka oversyn over fylkestingsvalde styremedlemmer, båtene gjennom perioden og oppgåver over inntekter og utgifter.

Forfattern nemner noko om kjeldetilfanget. Fylkesbaatane leid eit uerstatteleg tap då alt arkivtilfanget gjekk med i brannen ved den store eksplosjonsulukka i Bergen i april 1944. Hovudkjelda hans vart etter dette dei trykte fylkestingsforhandlingane, dessutan stortingsvedtak, aviser, bygdebøker og ikkje minst munnlege kjelder. Mellom fleire takkar han lensmann Bjarne Lundeland i Vik og soussjef i Landsbanken i Bergen, Anders Skåsheim.

1962 - bok

Neste bok er ei annleis bok. I 1907 mønstra den 16 år gamle bergensaren Martin Bendiksen på som dekksgut om bord i Firda. Han gjekk i land i 1947 og var då kjend som los Bendiksen - ein mann som hadde heile fartstida si hjå Fylkesbaatane, på fleire av skipa og i dei fleste rutene. I 1961 skreiv han ein serie minne frå eit langt sjømannsliv i avisa *Sogn og Fjordane* (Hermansverk). To år seinare gav redaktøren, Einar Svarte-foss, ut Bendiksen sine sjømannsminne i bokform med tittelen *Minner fra sjømannslivet*. Boka er eit interessant og



Framsida på los M. Bendiksen si bok *Minner fra sjømannslivet* som avisa *Sogn og Fjordane* gav ut i 1962. Bendiksen segla heile sitt yrkesaktive liv i Fylkesbaatane. Teikninga er laga av Klaus Fotland etter eit maleri av DS "Framnæs" ved kai på Leikanger.

verdfullt tillegg til bøkene elles om Fylkesbaatane. I skildringane sine tek los Bendiksen lesaren med om bord i båtene på ein annan måte enn dei andre bøkene gjer det.

1979 - hefte til bruk på museum

"eit kort oversyn over utviklinga av FSF frå det vart skipa i 1858 fram til vår tid." Det var Bergens Sjøfartsmuseum ved Erling Virkesdal som i 1979 laga dette oversynet i eit stensilert hefte på 21 sider.



Framsida på heftet frå Bergens Sjøfartsmuseum 1979. Teiknaren Jarle Bjørklund har lagt vekt på å gje eit glimt av det hektiske livet når rutebåten låg til kai.

Utanom informativ tekst er heftet utstyrt med eit par FSF-songar, kart, bilete, teikningar, faksimiler frå ruter og tabellar.



Den eine halvdel av smussomslaget på boka *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane 1958-1983* som kom ut til 125 årsjubileet. Kunstnaren er Oddvar Torsheim som også illustrerte forsatsen (papiret som dekkjer permene og bokblokkja).

1983 (125 år) - bok

Norvald Tveit skreiv bok til 125-årsjubileet i 1983. Han hadde byrja arbeidet i 1972 med tanke på eit "fyldig hefte" til 115-årsdagen i 1973. Det vart det ikkje noko av, men han tok oppatt arbeidet i 1982. Boka *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane 1958-1983* vart ferdig til årsdagen 2. desember. Som det går fram av tittelen, handlar boka om 25-årsperioden 1958-1983. Medan Tveit ordna stoffet sitt kronologisk i manuskriptet til det påtenkte heftet i 1973, gjekk han over til ei sektorvis eller emnevis framstilling i 1983-boka, så som rasjonalisering, hydrofoil eller helikopter, flyttesaka osv.

Norvald Tveit nemner følgjande om kjeldene i føreordet: "- årsmeldingar, fylkestingsreferat, styreprotokollar og, ikkje minst, selskapet sine utklippsbøker. I tillegg kjem samtalar med personar som har vore med og forma FSF si utvikling i denne perioden."

1998 (140 år) - bok

Dampen og kaia er tittelen på Fylkesbaatane si bok om stoppestadene i fylket. "... det er viktig at ei bok som dette kjem", skreiv adm. direktør Atle Tornes i føreordet. "Stoff om enkelt-stoppestader har før vore trykt ulike stader. Men dette er første gongen vi får ei samla søge om stoppestadene i heile


Sogn og Fjordane. Det er også ei søge som syner kor sentral Fylkesbaatane har vore i samferdsle og utvikling i fylket i 140 år." Finn B. Førund skreiv boka på oppdrag frå Fylkesbaatane og arbeidet blei utført i regi av Fylkesarkivet. Sogene om kvar stoppestad er ordna kommunevís etter kommunane i fylket pr. 1998.



I 1998 kom boka *Dampen og kaia* som handlar om stoppestadene til Fylkesbaatane.

2000 - bok

"Det er så rart med et fartøy, det være seg stort eller lite, en innlever seg med det omtrent som et levende vesen, og jo lenger en har stått om bord, jo vanskeligere er det å forlate det. Man hater det somme tider, men elsker det mest, og



Den førebels siste Fylkesbaatane-boka, Magnus Helge Torvanger si bok om flåten til Fylkesbaatane, *101 fartøy i perioden 1858-2000*

skilsmissen er tung." Dette skreiv los M. Bendiksen ein stad i sjømannsminna sine. Magnus Helge Torvanger brukte orda i innleiinga si til boka *101 Fjordabåtar* som kom ut på Selja Forlag til jul år 2000. Boka fortel historia til kvar einskild av dei 101 båtane Fylkesbaatane hadde hatt i flåten sin fram til hausten 2000.

2008 (150 år) - bok

Asbjørn Stensaker nemner i føreordet til 100-års saga at Fylkesbaatane på mange vis står i ei særstilling mellom ruteselskapa i landet. Her kan nemnast at eit særdrag er omfanget av skriven historie. Det finst knapt noko selskap som kan visa til like mange historiske publikasjonar som Fylkesbaatane. I jubileumsåret 2008 kjem det ei til. Boka skal handla om den siste 25-årsperioden.

Fylkesbaatane-historie i andre bøker

Ovanfor er nemnt at Fylkesbaatane si søge er ein del av fylket si søge og vidare ein del av kvar einaste kommune si søge. Av dette følgjer at det finst Fylkesbaatane-historie i mange andre bøker og hefte enn dei me har rekna opp i det føregåande. Her må me nøya oss med å nemna tre:

- 1) Dei trykte fylkestingsforhandlingane, - først og fremst fyldige årsmeldingar, men og annan dokumentasjon.
- 2) Seip, Hans: Sogn og Fjordane fylke. Eit tilskot til kommunalsoga, 80 sider om Fylkesbaatane i åra 1858-1937. 1958.
- 3) Engesæter, Aage og Thue, Johs B.: Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom 150 år. 1988.

Rutehefte

Dei trykte rutehefta er ei sentral kjelde til historisk kunnskap om Fylkesbaatane. Fjord 1 Fylkesbaatane har den mest komplette samlinga som finst. Fylkesarkivet har spreidde eksemplar.

Informasjonsbladet *Fjord og Kyst*

Før Fylkesbaatane i 2003 gjekk med i storkonsernet Fjord 1, gav FSF ut informasjonsbladet *Fjord og Kyst*. Det starta i 1975 med namnet *Amtet* og heldt fram som *Fjord og Kyst* i 1991. *Amtet/Fjord og Kyst* er ei i dag ei oppkome av FSF-historie, både gjennom solide historiske artiklar, og ikkje minst gjennom det dagsaktuelle stoffet, som no i ettertida er ei framifrå kjelde til FSF-historia. Fylkesbaatane-veteranen Leif Helland-sjø i Fjærland har kvart einaste nummer. Fylkesarkivet har nokre spreidde blad.

Eitt av dei eldste rederiflagga i sitt slag




Då Fylkesbaatane i 2003 gjekk med i storkonsernet Fjord 1, frykta mange at det var slutten for FSF-flagget, for skorsteinsmerket og namnet Fylkesbaatane. Det var det ikkje. Det raude flagget med kvitt felt og kryss blafrar framleis side om side med Fjord 1-flagget, Fylkesbaatane er med i Fjord 1-namnet og det raude bandet pryder skorsteinane.

Men no, fem år etter, ser det på ny ut til å vera fare på ferde. Den 11. juni fortalde administrerande direktør i Fjord, Stig Kristoffersen, at Fjord 1 Fylkesbaatane no vil satsa meir berre på Fjord 1 som merkevarenamn. Namnet Fylkesbaatane vil etter dette "bli mindre synleg". NRK brukte tittelen "Fylkesbaatane snart historie" som tittel på saka. Historikar Johs. B. Thue i Balestrand sa straks frå om at ingen må finna på å stryka dei gamle, innarbeidde kvalitetsmerka, - namnet, flagget og skorsteinsmerket. Det vil vera eit "enormt tap", sa han.

Her skal me ta med noko interessant om Fylkesbaatane sitt flagg, det raude splittflagget med svart kryss på kvitt felt. Kva står krysset for? Det står for bokstaven X, og kvifor akkurat X, fortel Erling Virkesdal om i eit Fylkesbaatane-hefte han laga for Bergens Sjøfartsmuseum i 1979. Det står:

"Kompaniflagget"

Fylkesbaatane sitt kompaniflagg er eitt av dei eldste i landet. Kompaniflagg, eller rederiflagg, kom i bruk [på midten av 1800-talet]. Med aukande flåte vart det



etter kvart naudsynt å kunne gi seg til kjenne når farty møttest.

Alt i 1929 vart det bestemt at kvar sjøfartsby i landet skulle ha sitt kjenningsflagg, identifikasjonsflagg. Flagget skulle vere tre alen [1 alen - 0,67 m] og fire alen langt (..) med bokstav og nr. på.

Første bokstav i alfabetet - A - fekk Oslo. Så følgde ein byane langs kysten. Når ein kom til bergen, var ein komen til X i alfabetet.

Fylkesbaatane er eitt av dei få selskapa som tydelegast har teke vare på denne kjenningsbokstaven", skriv Virkesdal til slutt.

Seglskuter i Måløy hamn



I august legg *The Tall Ships' Races* til hamn i Måløy med kring hundre seglfarty. Som handelsstad og ikkje minst som fiskerisenter i Sogn og Fjordane, har Måløy vore hamn for skuter og mindre farty i lange tider.

Namnet sitt har Måløy frå den lille øya midt i Ulvesundet, mellom Vågsøy og fastlandet, Moldøen. Måløy ligg godt skjerma mot ver og vind, og i gamle dagar søkte båtar ly her, medan dei venta på at veret skulle løye slik at dei kunne segle over Stadt.

I dag er brua som bitt Vågsøya til fastlandet eit dominerande element i biletet. Tankane om ei bru over sundet kom så tidleg som i 1918, men det var ikkje før i 1974 at brua stod ferdig. Den var då den lengste brua i Norge.

På biletet ligg to seglskuter i hamna ved Måløy. Skutene var nytta til salting av fisk. I framgrunnen ligg Hjørtheim, ein gammal legebustad. Midt i biletet ligg Moldøen Canning. Den store Skaarbuda, nærast hovudutløpet, er under bygging. Husa vi ser på "Lisje-Måløy" vart bygde av kjøpmann Ole Schmidt i 1850-åra. Der er hovudhus, paktarbustad, drengstove, fleire buer for fiskemottak og lager, og ei løe. Biletet er fotografert av Oscar Olsen i 1917, og eigar av biletet er Svanhild Vetvik. Arkivnummer SFFF-1988020.0009.

Kjelder: Kristin Ese/Kulturhistorisk Leksikon.

Før og No

Av Arild Reppen



Eidsgata, Nordfjordeid kring 1900, fotografert av Isak Isaksen Hellebust. Kjelde Fotohistorisk Arkiv/Lars Lunde. Arkivnummer SFFf-1990060.119696



Eidsgata, Nordfjordeid 2008, fotografert av Arild Reppen.